

Merknadar til kommuneplanen sin arealdel

Merknadene i saka utgjer samla fleire hundre sider. Me refererer i dette dokumentet ei samanstilling av merknadene, for å gjere det meir overkomeleg for formannskapet og kommunestyret og publikum å setje seg inn i desse. Nødvendigvis vil ordbruk i eit samandrag bli endra i eit samandrag, men alle merknadene er tilgjengeleg for dei som ønsker å lese desse i fulltekst.

Dokument-ID står i parentes forran namnet på innsendaren. Sjå www.oystreslidre.kommune.no – «Postliste» – «Søk etter dokument» og tast inn dokument-ID og trykk på dokument-ikonet under «last ned» for å sjå det aktuelle dokumentet i fulltekst. For alle originaldokumenta, sjå www.oystreslidre.kommune.no – «Postliste» – «Søk etter sak» og tast inn ... ved «Saksnummer» og trykk «detaljar» under «Vis».

Dei innspela som gjeld same tema er samla temavis og blir vurdert som samla, mens andre blir vurderer kvar for seg.

STØLSLIE:

394/393 (24/4636) og (24/4637) Bente Oxhovd, Tor Oxhovd, Torgeir Svalesen Arealet mellom Stølslie 3 og FV51 har vore avsett til kombinert næring og bustad. No vist som bustad. Dette kan dei ikkje akseptere. Området har størst samfunnsnytte om det blir brukt til fleire føremål, og er godt eigna til publikumsretta service og handel med sin nærleik til sentrum og god og oversiktleg avkøyring. Avstandsgrense for bustader til FV 51 er 50 meter for bustadar og 30 meter for skissert alternativ. Det betyr 6 da meir tilgjengeleg sentrumsnært areal til disposisjon. Dei ber om at dette området som i vedlagt kart er delt i 4 parsellar blir lagt ut til formål skissert i høyringssvaret, og at skiløypa blir noko justert, og at ei eventuell skibru har romslege nok føringar for plassering slik at minst mogleg av deira areal blir brukt til dette.

Vurdering:

Kommunedirektøren viser til tilråding i f-sak 50/24 og til formannskapet sitt vedtak i saka, om at innspelet vert teke til følgje at formannskapet ber kommunedirektøren vurdere omfang og føresegn for dette nye næringsområdet.

Område er i gjeldande kommunedelplan for Beitostølsområdet er sett av til bebyggelse og anlegg. Dersom dette skal endrast til næringsareal vil det vera naudsynt å gjennomføra ein konsekvensutgreiing.

Området inneheld noko myr, og det vil vere aktuelt å ta myr ut av planen jf. nytt føresegn om bygging på myr:

«Omdisponering og nedbygging av karbonrike areal, inkludert myr og andre typar våtmark og høgbonitetskog, skal så langt som råd unngås, slik at ein held ved lag evna areala har til lagring og opptak av karbon. Dersom det blir gjort tiltak i myr, skal det gjennomførast kompensierende tiltak.»

Byggegrense langs fylkesveg er 50 meter, jf. § 29 2 i veglova. Å bygge nærare fylkesvegen krev dispensasjon, uavhengig om dette er næring eller bustad, jf. § 30 i veglova.

Området ligger innafor tettstadgrensa, men utanfor sentrumskjernen. Det bør ikkje opne for aktivitetar i dette området som bør vera lokalisert i sentrumskjernen, jf. vedlagt notat om fortetting med kvalitet.


Før området kan takast i bruk må det regulerast. Ved regulering må vi m.a. ta stilling til storleiken på ei buffersone mellom område sett av til bustad og område sett av til næring. Vi må også vurdere innhaldet av myr og naturtypar i området. Slik som det er sett av i gjeldande kommunedelplan kan område nyttast til både bustadbygg og næringsbygg. Gjennom ein reguleringsplan vi det bli avklart kor store delar av området som kan nyttast til næring.

Tilråding:

Innspelet vert delvis teke til følgje ved at formålet ikkje vert endra frå gjeldande kommunedelplan og at følgjande føresegn vert lagt inn

- *Området kan nyttast til privat tenesteyting slik som lager og oppmøteplass for handverkarar. All lagring skal skje innomhus. Det er ikkje opna for handelsverksemd eller bevertning i området. Området kan også nyttast til bustadføremål.*

Plankart vil sjå slik ut:



Figur 1, Plankart BB-22-17

59-88-89 BEITOSTØLEN SØR:

313 (24/3772) Reidar G. Haugen m.fl

Utbygging her vil øydelegge eit flott naturområde, og truleg gje utfordringar knytt til WCløypene på stadion. Framføring av infrastruktur vil drenere viktige myrområde. Kritisk til at det vert planlagt og sett i gang store byggeprosjekt før det er kontroll på drikkevatt frå Ole og avløps-løysingane er på plass. Det er generelt skremmande at kommunen ser ut til å ha en liberal haldning til å bruke myr som byggegrunn. Utbygging av Liahøvda vil bli en utfordring for dagens brukarar av tjernet. Arealdelen må ikkje ødelegge for stor arrangement som ligg på Skistadion og aktivitetar for Helsesportssenteret. Generelt bekymra for nedbygging av natur og ønsker at kommunen i større grad tar inn over seg slagordet "Rein natur"

322 (24/4123) Christian Muller

Førelegen utbygging vil rasere sårbart myr- og våtmarksområde med rikt dyreliv, og er i konflikt nasjonale føringar og med kommunen sitt forslag til retningslinjer for KPA pkt 1.9. Kolliderer med "rein naturglede". Jernvinneanlegg og kullgroper ligg området. Dette er ikkje fortetting, men opning av og nedbygging av urørt natur. Vegtilkomst vil vera vanskeleg, gje stygge inngrep og mange stader bli bratt. Vil ikkje kunne fungere godt som blålys veg. Eksisterande skiløype vil bli øydelagt. Tomtereserve på 2700 einingar betyr at det ikkje er naudsynt med nytt areal. Tas ut i sin heilheit.

333 (24/4222) Asgeir Larsen m.fl

Hyttebygging her vil vera å ta hol på eit nytt område med myr og urskog, og redusere viktige leveområde for mange arter som elg, rådyr, hjort storfugl og orrfugl. Om Beitostølen sør blir realisert og Mørken næringsområde utbygd vil dette forslaget stenge den siste gode korridoren for vilt i området for framtida. Korleis kan denne hyttebygginga omtalast som fortetting ??

I forlenging av dette er det lagt fram forslag om ny løysing for løyper med ein heilårleg fleirbrukstrase som bind Raud 1 med løypene ned for RV 51, med planfri kryssing gjennom skibru over rv 51 rett sør for Beitostølen maskinstasjon. Dette er innsendarane sterkt i mot då inngrep og ressursbruk ikkje står seg i høve nytta. Konsekvensane for stølsлага på Heimre Hedalsstølen og Øystre Hedalsstølen vil bli svært negative.

334 (24/4223) Olav Talle og Jan Paulsen

Utkast til KPA gjer framlegg om at Reguleringsplan B25 "Beitostølen konkurranseløyper skal opphevast", med forslag om nytt hytteområde på Liahøvda. Om forslaget blir godkjend må denne skiløypa som ligg i reguleringsplanen vera ein del av resten av løypenettet på Beitostølen, slik at dei som kjøper tomt kan kome seg inn på ski i resten av løypenettet på Beitostølen. 5km -traseen var og er framleis innafor det som er godkjend for FIS-renn. Om dette ikkje blir godkjent må reguleringsplanen halde fram å gjelde.

336 (24/4226) Fritidsinnbuarar i Lomtjednvegen, ved Harald Burhol

Dei ber om at kommunen vedtek å ta området Liahøvda og Tjednbakkane ned mot Åbortjednet ut av planen og lar det ha status som i dag. Sekundært at vegen via Lomtjednvegen og skistadionområdet blir fjerna frå planen.

342 (24/4257) Beitostølen helsesportssenter

Austleg utstrekning grenser tett opp til helseportsområdet og Bamselitjern og vil forringe eksisterande naturkvalitet ved tjernet. Utbyggingsgrense må flyttast slik at den austvendte hellinga i Liahøvda blir tatt ut av planen. Sør-vestleg utstrekning grenser heilt inntil Helseportsområdet, gir ingen skjerming mot Bamselitjern og gir økt risiko for økt aktivitet i klausulert område i eksisterande reg.plan. Område KBA-112 og aktuell vegstrekning kan ikkje godkjennast før det ligg føre ei detaljert konsekvensanalyse og plan som sikrar skjerming, bruk og utvikling av Helseportsområdet. Det er ikkje ønske frå BHHS med skibru over RV51 nord for Helseportssenteret, då den vil ha liten nytte for dei. BHHS har levert kart som syner minimum trong for revidering av byggegrensar.

345 (24/4267) Frank Maaø

Planforslaget bør leggest bort og tas ut av arealdelen, dette er grunngeve med inngrep i eit flott naturområde og eit sårbart myr -og våtmarksområde. Lomtjednvegen vil bli ein gjennomfartsveg med store trafikale ulemper for alle i området. Utbygginga vil rasere mange gamle kulturminne, jernvinneanlegg og kolgroper. Nedbygging vil og gje tap av leveområde for mange dyr, og gje store tap av biologisk mangfald.

351 (24/4300) Fritidsbebuarar i Lomtjednvegen v Knut Dyrstad

Dei ber om at kommunen ikkje godkjenner at Liahøvda og Tjednbakkane ned mot Åbortjednet får status som planområde for utbygging, men beheld dagens planstatus. Dette er grunngeve med betydeleg nedbygging av myr, og at planen legg tek i bruk eit stort areal som ikkje er regulert og ikkje kan sjåast på som ei fortetting, stikk i strid med hovudgrepet i planen om fortetting. Forslaget vil ha store negative konsekvensar for naturmangfald,

landbruk og landskap, slik konsekvensutgreiinga peikar på, og forringe området til bruk for friluftsliv. Auka trafikk på hyttevegane vil også vera ei stor utfordring.

365 (24/4374) Klyppemyrhaugen Velforening

Oppteken av planlagd veg frå FV 51 til Beitestølsvegen. Den planlagde vegen med fartsgrense på 60 km/t går gjennom skog, myr, tjern m hekkeplass for svaner, ender og andre vadefuglar, og vert så kopla på vegen til Klyppemyrhaugen bustadfelt. Vegen og vegtraseen er ikkje konsekvensutgreidd, og den vil ha negativ verknad for barn og unge sine oppvekstvilkår.

383 (24/4624) Hans Kristian Syversen

Alt utviklingsareal kring skistadion er føreslege omregulert til "kombinert bebyggelse og anleggsområde". Vegtilkomst vil avskjere areal til noverande skiløype. Dette er i sterk kontrast til tekst i økonomiplanen der dette området skal utviklast i lag med idrettslaget og reiselivsnæringa til heilårs bruk. Liahøvda har stort potensial som nærturområde og er markert i turområde i kartlegginga. Liahøvda må bli eit utviklingsområde for Beitostølen skiarena og eit nærmiljøområde for framtida. I det som blir kalla Beitostølen sør legg ein til rette for utbygging i eit område som ligg utanfor utbyggingssona i planprogrammet til KPA. Satellitt 3-4 km frå sentrum. Dette er totalt på kollisjonskurs med allmenta og det offentleg sine interesser. Stor kuvending i høve den arealpolitikken som har vore ført til no. Dette må ut av KPA. Planfri kryssing ved campingen og bruk av Syvervegen gir kort tilkomst til Raud 1 og bør prioriterast.

386 (24/4629) Anne Hanslien

Liahøvda skal ikkje opnast for utbygging og takast ut av KPA. Vakkert rekreasjonsområde for mange.

387 (24/4630) Øyste Slidre Bonde og småbrukarlag

Liahøvda utbyggingsområde med vegar bør ut av planen. Regplan B25 bør gjelde.

389 (24/4632) Tjednbakkhaugen hytteeierforening

Ligg som friområde og er no i forslaget fremma som utbyggingsområde, stikk i strid med det som er ønskeleg frå statleg og fylkeskommunalt hald. Privatrettslege tilhøve gjer også at det kan bli vanskeleg å koma fram med veg. Området har betydelege areal med myr og er viktige friområde for mange på Beitostølen. I samband med tidlegare reguleringar av Tjednbakkhaugen N og S var dette området regulert som friareal.

390 (24/4633) Stein Bjørkan

Sterkt i mot planane om nedbygging av friområdet som omfattar Beitostølen sør.

403 (24/4649) J.Chr. Borchgrevink

Beitostølen sør må ut av KPA slik det ligg føre. Dette er grunngeve med at området har mykje myr, naturområde som er mykje nytta, bademoglegheiter, samt Helsesportssenteret og stadion sin bruk av området. Det er svært utfordrande å finne ut av kart og tekst i planen som ligg føre. Det blir også vist til reguleringsplanen for stadion frå 2007, der dette området sine kvalitetar er vurdert som rimeleg urørt med stort potensial for bruk med enkel tilrettelegging.

411 (24/4662) Fastboende i Beitohagin v Hermund Larsen


Området mellom Beitohagin, Klyppemyrhaugen og Abortjednet er viktig friluftsområde som blir brukt meir og meir. Veg med fartsgrense på 60 km/t er ikkje konsekvensutgreidd og ubegripeleg.

413 (24/4664) Ernst Løksa og Elisabeth Bakker


Liahøvda med sine naturkvalitetar må ut av planen

420 (24/4673) Katharina Herlofson

Sterkt i mot planane om utbygging i dette området. Omfattande område med myr og våtmark. Området er lunt og er eit viktig utfartsområde når andre område på Beitostølen er utsett for vind. Generelt viktig nærfriluftsområde. Konsekvensutgreiinga frå kommunen syner at det er klare minus for utbygging. Planstatus bør vera som i dag.



Figur 3. Kart som synar myrareal i planområde og omkring liggjande område.



Figur 4. Viktige naturtyper i planområde.

I karta ovanfor ser man dei planlagde utbyggingsområda med myrareal og viktige naturtyper innanfor planområde. Område til Beitostølen helsesportsenter er også statleg sikra friluftsområde og vi bør ikkje legge eit hyttefelt for tett mot det. Mykje av føreslått

utbyggingsområde ligg i åssider, eller på toppar og vil bli godt synleg frå omkringliggjande område, noko som er i strid med rettleiar om planlegging av fritidsbustader (KMD, 2022). Utbyggingsområde er i strid med nasjonale og regionale føringar for fritidsbusetnad og stadsutvikling på fleir punkt.

Relevante nasjonale og regionale føringar:

- *Potensialet for fortetting eller utviding av eksisterande fritidsbustadområde blir vurdert før det blir lagt til rette for utbygging i nye område, særleg der det er utbyggingspress. Ny fritidsbusetnad i og over skoggrensa og på myr bør unngåast.*
- *Unngå utbygging som bryt tydelege åsprofilar eller viktige horisontlinjer.*
- *Unngå bygging på kollar og toppar.*
- *Unngå utbygging i eksponerte dalsider.*
- *Legge til rette for redusert bilbruk og styrke grunnlaget for kollektivtransport i dei store fritidsbustadområda.*
- *Vi lokaliserer fortrinnsvis fritidsbustader i tilknytning til eksisterande strukturar som serviceområder og annan infrastruktur.*

Vi hadde synfaring av område med regional planmyndigheit den 18.09.2024, og Innlandet fylkeskommune og Statsforvaltaren i Innlandet har komme med ein tilbakemelding om Beitostølen sør der dei tilrår å ikkje gå vidare med planane for område. Dei synar til at tomtereserven for planperioden er tilstrekkeleg og meiner at fokuset heller bør være å utvikle Beitostølen og meir sentrumsnære område. Tilsvaret frå Statsforvaltaren i Innlandet og Innlandet fylkeskommune i etterkant av synfaring er vedlagt i saka.


Av føreslått utbyggingsområde er det eit lite område mellom rv 51 ned mot Beitostølen stadion som skilar seg ut med å allereie ha tilgjengeleg infrastruktur (KBA-48 i vedlagt kart). Området mellom VA-traseen og fv 51 kan takast inn i planen for sikra ein utvikling av stadionområde og for å auka tilgang på næringsareal i tilknytning til Beitostølen. Som del av dette området kan det leggest inn ein fleirbrukstrasse i eksisterande VA-trasse for å betre sambandet mellom Beitostølen helsesportsenter og Beitostølen stadion.

Tilråding:

Innspele vert i stor grad teke til følge ved at det aller meste av Beitostølen Sør vert teke ut av planen. Kommunedirektøren tilrår at eit område omtalt som KBA - 48 i kartutsnittet under vert beholdt i planen, og at det til dette området vert teke inn følgjande føresegn i arealplanen:

KBA – 48

Området kan nyttast til tiltaks om bygger opp under Beitostølen stadion som overnatting for brukarar av stadionområdet, treningsareal innomhus og utomhus, parkering, fleirbrukstrasear m.v.



Figur 5, Plankart KBA-48

JAVNLIE OG HEDALSSTØLADN

353 (24/4302) Javnlie vel

Slik Javnlie vel har forstått utkastet til KPA vil ikkje Javnlieområdet bli omfatta av denne revisjonen, grunngjeve med at ein er i ferd med å utarbeide ein beitebruksplan mellom Hedalsstølane og Javnlie, og utarbeide ein VA plan. Dei stiller spørsmål om politikarane er klar over at arealbruken i dette området ikkje blir vurdert i denne revisjonen, når dette ikkje går fram av verken saksframlegg eller vedtak om ettersyn. JV ber om ein avklaring om reguleringsplanforslag med bakgrunn i gamal KPA, med stort utbyggingspotensial, vil kunne bli akseptert og godkjent. Javnlie vel ber om at KPA også bør reviderast for dette området. Velforeininga vil gjennomføre ei naturkartlegging for heile området. Konsekvensutgreiing for den einkilde reguleringsplan er ikkje tilstrekkeleg. Etter 2017 er fleire føringar, både nasjonalt og regionalt endra, og KPA bør ta omsyn til dette også i Javnlie. Generelt er plankartet vanskeleg å forstå, og retningslinjer og føresegner uklare og inkonsekvente. Det er lista opp nokre døme på det i innspelet. Generelt legg utkastet til KPA opp til fortetting som eit hovudgrep. I Javnlie er det heilt nye område som skal byggast ut i utkanten av eksisterande hytteområde.

369 (24/4388) DNT Valdres

Plan om meir hyttebygging i Javnlie e feilaktig omtalt som fortetting. Fleirbrukstrase på planlagd VA trase er ikkje ønskeleg. Etterlyser tidlegare og meir informasjon frå kommunen om konkrete planar i dette området. Beitostølen er ein familiedestinasjon, og planen legg opp til utbyggingar der det berre blir tronge korridorar for å koma ut i det planen kallar nærfriluftsområde. Dette er ikkje fortetting.

413 (24/4664) Ernst Løksa og Elisabeth Bakker

Javnlie er eit viktig beiteområde for buskap og rein. Planlagde hytteområde ligg tett innpå stølane Øystre Hedalsstølen. Mykje myr.

398 (24/4644) Øystre Slidre Bonde- og småbrukarlag ,Ole og Hedalen Vel, Beitostølen hytteforening, Fastbuande i Stølsli og deltidssinnbuarar og naboar til Liahaugstølen, stølseigarar i området Heimre Hedalsstølen og Øystre Hedalsstølen.

Forslag til KPA er særst ufullstendig og fyller ikkje krava til KU-regelverket, nasjonale føringar og retningslinjer, samt kommunens eigne føringar gitt i samfunnsdelen. Heile KPA må oppdaterast og korrigerast før det med ein ny KU blir sendt på ny komplett høyringsrunde, der dei innspela gitt i dette høyringssvaret blir take omsyn til og innarbeidd. Generelt tek forslag til KPA i liten grad omsyn til landbruk, klima og naturmangfald.

Liahaugstølen må reverserast og utbyggingsgrense mellom Beitostølen og Heimre Hedalsstølen må gå ved dagens bebyggelse. I dette området må det ikkje leggest fleirbrukstrase av slike dimensjonar som ligg i forslaget. Dette er heller ikkje konsekvensutgreidd.

Trass store ord i samfunnsdelen blir ikkje denne næringa tatt omsyn til, då stølane er ein viktig del av både driftsopplegg og driftsgrunnlag. Plankartet fungerer ikkje, umogleg å samanlikne ny og gamal plan for å sjå endringane. Fleire av premissane i samfunnsdelen er brote. Liahaugstøl-reguleringa må stoppast og attendeførast til LNFR. Beitegjerdet i området er ulovleg og bør truleg fjernast. Foreslegen omsynssone mellom stølsområde på Hedalsstølane og Javnlie er vanskeleg tilgjengeleg på kart. Om dette blir ei god løysing bør ein ha slike omsynssoner for dei øvrige stølsområda i kommunen. Viltkorridorar, oppvekstområde for vilt og fellingsområde for elg i dette området er truga gjennom denne planen.

342 (24/4257) Beitostølen helsesportssenter

BHSS har eit sentralt idefundament gjennom 50 år basert på trening og meistring i naturbaserte omgjevningar. Området ned mot Bamselitjern representerer "Indrefiletetn" i dei område senteret brukar, også utsikta frå senteret sitt område - i hovudsak vestover med i all hovudsak urørt natur - er ein stor verdi for pasientane. BHSS nyttar også andre fasilitetar og område kring Beitostølen. Særleg viktig er støls- og kulturlandskapet i aust med Hedalsstølane og Javnin. For BHSS er det viktig at desse kvalitetane blir tatt vare på. BHSS ber om at dette blir sikra ved handsaming av KPA:

1. Eksisterande naturkvalitetar til Helseportssenteret blir tatt vare på med omsyn til utbygging, trafikk, innsyn og støy. Foresetnadane for BHSS sin bruk etter reguleringsplan og reglar for åtgjerd blir som før.
2. Eksisterande naturkvalitetar på nærliggande grunn blir tatt vare på. Oppseiing av løypeavtaler frå ei gruppe grunneigarar tilseier at området vest for RV51 blir viktigare enn før.

326 (24/4133) Ole og Hedalen vel

Representantar for Ole og Hedalen vel har vore i møte med sakshandsamar i kommunen for å få svar på nokre spørsmål, m.a. korleis raud grense for Beitostølen går i høve planlagd utbyggingsgrense og trase for "Sperregjerdet, og korleis utbyggingsgrense for Javnlie går i vestleg retning i høve omsynssone for hjortevilt. Grensene kunne ikkje påvisast i kart, då ny leverandør av kartsystem ikkje er heilt kompatibelt med det gamle og ikkje lenger tilgjengeleg slik at det er vanskeleg å sjå skilnaden mellom ny og gamal plan. Utvida raud grense kunne heller ikkje visast då det nye kartet ikkje er tilgjengeleg saman med øvrige kartopplysningar. Omsynssone for hjortevilt i det gamle plankartunderlaget er fjerna, og slik sett er grunnlaget for jaktlaga i Ole og Hedalen ikkje lenger er synleg, og innsyn og debatt om denne naturressursen blir vanskeleg. Truleg lir andre interesseområde i nytt plankart av tilsvarande feil, og gjer det vanskeleg å forstå planforslaget. Heile underlaget må oppdaterast før planforslaget blir sendt på ny høyring.

386 (24/4629) Anne Hanslien

KPA bør ikkje opne for nye utbyggingsareal. Alt areal som er egna til beite og oppdyrking skal oppretthaldast som LNFR. I område med enkeltstående eldre hytter skal beite ha prioritet og inga fortetting. Det skal ikkje førast opp bustadhus sør for Okshovdvegen.

Området vest for Okshovdstølane skal vera buffersone for stølsdrifta. Dette gjeld Heimre og Øystre Hedalsstølen. Det er stor motstand mot etablering av nokon form for fleirbrukstrase i støls- og beiteområda. Skal det skje må det vera innanfor bygde område i Stølsle. Bruk Trillestien.

Vurdering:

Javnlie

Kommunedirektøren viser til notat til kommunestyret dagsett 4. oktober 2024 der det heiter:

“Utbyggingspotensialet i Javnlie

I utkast til KPA er det ikkje gjort endringar i høve gjeldande arealplan for Javnlieområdet. Vi har sagt at det må kome ved framtidig revisjon av KPAen, etter at arbeidet med beitebruksplan for Hedalsstølane er gjennomført. Kommunedirektøren ser at det som del av arbeidet med beitebruksplan for Hedalsstølsområdet vil vera aktuelt at sjå på utbyggingspotensialet i den delen av Javnlie som ligg nærast Øystre Hedalsstølen, og ev. kome tilbake med framlegg til endringar i dette området i samband med 2. gongs høyring av KPAen.”

Vi har gjort denne vurderinga no, og den vil bli tilrådd å bli teken inn både i KPAen og i beitebruksplanen.

Både nasjonalt og regionalt har det dei siste åra vore eit auka fokus på klimaeffektar, og det å bygge ned myr/våtmark kjem til å bli strengare i åra som kjem. I kommuneplanens arealdel er det teke ut myrareal for å minske nedbygging av myr, og med føresegn som i stor grad forbyr nedbygging av myr, vil det vere feil å utnytte heile dette området som utbyggingsareal. Om ein tek høgde for at myrarealet i ein reguleringsplanprosess blir teke ut, er det framleis ein del areal som kan byggast på om ein berre tenkjer på myra.

Ei stor utfordring i dag er attgroing i kulturlandskapet. Attgroing i landskapet er ein konsekvens av fleire ting, blant anna varmare klima og mindre beitedyr. Sjølv om utbygginga vil opne opp landskapet akkurat der og då, vil konsekvensen vere at tal beitedyr går ned, og meir attgroing blir igjen ein konsekvens. For det aktuelle området er det konsekvensen for landbruket og beitedyra som er størst. Dei vil miste eit beiteareal, og konfliktnivået mellom turisme og beitedyr vil truleg auke. For Hedalsstølane blir dette området mykje brukt. Det er viktig med god tilgang på beite i nærleik til stølane, og det kan ein oppretthalde ved å tilbakeføre arealet til LNF. Ei utbygging av det om lag 590 dekar store området vil auke trafikken i området. Det er allereie ein del ferdslar til fots og med sykkel mellom Beitostølen og Javnlie, som skapar utfordringar og konfliktrar for beitebruk i dette området. Ved å bygge ut endå meir, må vi ha kompensierende tiltak som bidreg til å minske dette konfliktnivået.

I området er det varierende beite kvalitet avhengig av kva type beitedyr som nyttar det. Storfje vil kunne utnytte mykje av myrarealet som beite, sjølv om ikkje sauene og geita kan det. Dei andre delane av området som ikkje er myr, kan nyttast av alle. Ved å tilbakeføre arealet til LNF, vil ein i tillegg til det landbruksfaglege, ivareta eit viktig elgtrekk, og generelt sett ha ein positiv verknad for småvilt og storvilt i området.

Ved å redusere utbyggingsområdet til Alternativ 2 vil ein unngå dei store myrområda, slik at ein får redusert dei negative konsekvensane for klima og miljø. Alternativet betyr ikkje at ein fjernar de negative konsekvensane for landbruket, men at ein minskar dei. Dette alternativet

vil halvere tal einingar, som resultera i mindre ferdsel, og at meir av beitearealet for ligge urørt. Kompenserande tiltak må vurderast også i dette tilfellet. Totalt sett ser administrasjonen det som mest tenleg at heile arealet vert teke ut, og at ein nyttar areal elles i kommunen som har færre negative konsekvensar. I ein strategi om å utvikle Beitostølen som destinasjon vil det vere tenleg å legge områder for framtidig fritidsbustadbygging innanfor tettstadgrensa på Beitostølen.

Hedalsstølane - omsynssone landbruk

I arbeidet med kommuneplanens arealdel vert ein utviding av omsynssone landbruk vurdert med det formål å bevare beitekvalitetane og -ressursane i kommunen. Vurderingane er gjort jamføre dei kriteria som er satt for omsynssone landbruk, i tillegg til å sjå på arealressursane i forhold til beite og innhenta GPS-informasjon frå beitedyra.

I område ved helsesportsenteret er det i stor grad tilrettelagt for turistar i form av stiar og grusveggar. Arealet er og prega av større særse blaute myrområde.

Området ved Skutestølane og mot Skutåsen og Javnberget er del av ny utviding av omsynssone for landbruk, og er òg eit potensielt område for beiteforebyggjande tiltak. Området mellom fylkesveg 51 og omsynssona vil framleis ha formålet LNF.

I området langs Javnin og ned til Javnestølane vil omsynssone landbruk følgje vegen opp mot Javnlie.

Området som er vurdert teke ut av KPA og tilbakeført til LNF-område vil inngå i ny omsynssone for landbruk.

Administrasjonen vurderer området langs tregrensa ved Synberget og ved Olevatnet som eit potensielt og uproblematisk område for utviding av omsynssona.

På bakgrunn av tema innan landbruk, kulturlandskap, naturmangfald, klima, kulturminne og friluftsliv tilrår kommunedirektøren å tilbakeføre arealet til LNF-areal.

Tilbakeføring av området til LNF-område vil føre til:

- Bevaring av viktig beiteområde
- Unngå unødig auka konfliktnivå mellom turisme og beitedyr.
- Bevaring av viltkorridor og ha ein positiv verknad for småvilt og storvilt generelt
- Redusert utbygging på myr, som elles ville ha gjeve negative konsekvensar for klima og naturmangfald.

Kommunedirektøren har også vurdert eit alternativ der delar av området vert teke ut, men ikkje heile. Det vil langt på veg redusere dei negative klima- og miljøverknadene, og også redusere dei negative verknadene for landbruket. Kommunedirektøren vil tilrå at heile dette området vert teke ut, då området i liten grad er utbygd i dag og det er andre tilgjengelege utbyggingsområde i kommunen som har mindre negative følgjer.

Dersom formannskapet vel å tilbakeføre dette området til LNF-område i revidert KPA, vil det bli meir utfordrande å få finansiert ei nødvendig VA-utbygging for Javnlie. Med dei føresetnadene som tidlegare er brukt for utrekninga av noverdien av utbygging av hovudleidning VA til Javnlie, vil noverdien av den utbygginga bli redusert med om lag 15. mill. kr. Det vil gje auka VA-gebyr for alle abonnementane. Skal redusert utbygging i Javnlie finansierast ved auka årsgebyr i Javnlie-området, vil årsgebyret for dei framtidige


abonnementtane i det området auka med om lag 4 000,- pr år (gitt alle andre føresetnader likt).

For utfylde informasjon, sjå vedlagte notat for Javnlie og omsynssone landbruk.

Tilråding:

Javnlie


På bakgrunn av tema innan landbruk, kulturlandskap, naturmangfald, klima, kulturminne og friluftsliv tilrår kommunedirektøren å tilbakeføre følgjande areal til LNF-areal:



Figur 6, Område som vert tilrådd tilbakeført til LNF.


Hedalsstølane

Kommunedirektøren tilrår at følgjande omsynssone landbruk for Hedalsstølane vert teke inn i plankartet:



Figur 7, Forslag til utvida omsynssone landbruk.

Kommunedirektøren tilrår at ny plassering av fleirbrukstrase frå fv. 51 til rød 1 vert teke inn i plankartet:



Figur 8, Ny plassering av fleirbrukstrase.

Kommunedirektøren tilrår at følgjande tekst knytt til omsynssone landbruk vert teke inn i dokumentet føresegner og retningslinjer:

9.2 Omsynssone landbruk

Omsynssone landbruk omfattar areal der landbruksinteressene skal ha høg prioritet. Tiltak innanfor denne sona skal ikkje forringe eller føre til driftsulempar for landbruket, og det skal takast særleg omsyn til beiteinteresser og stølsdrift. Areala innfor denne sona skal ikkje omdisponerast til andre formål, men det kan gjevast løyve til fysiske tiltak som går under landbruksformål. Kulturlandskapsomsyn skal leggast vekt på ved handsaming av enkeltsaker etter jordlova og ved eventuelle søknadar om dispensasjon etter plan- og bygningslova. Kapittel 5.3 er retningsgjevande for utforming av eksisterande fritidsbustader innanfor omsynssone landbruk. Fysiske tiltak for tilrettelegging for friluftsliv innanfor omsynssone Landbruk ved Hedalsstølane er ikkje tillate.

UTBYGGINGS- OG SENTRUMSGRENSE

295 (24/2504) Arne Nysveen

Fjellgrensa gjennom kommunen er bra, men den går for langt nordaust ved Glåmstølen, Øyangslie og Juvike. Lite sannsynleg med bygging så langt inn mot fjellet. 5.5.2.5 set ei grense på 90 kvm på tomte og 70 kvm for enkeltbygg. Det bør vere same reglar som utanfor stølsområda 120 kvm og 90 kvm. Enklare å forstå og enklare å handtere i byggesaka. 5.2.2 med forbod mot ukanta panel. Dette har vore brukt i mange år og bør vera tillate. **356**

(24/4320) Styret i sameiet Aasgarden 1 og 2 og Stakksøllie Syd

Hytteforening

Forslag til sentrumsgrense legg opp til eit sekundært sentrum i konkurranse med noverande sentrumskjerne. Utvidinga av sentrumskjerne er ikkje grunngeve eller utgreidd med KU. Dokumentet sentrumsutvikling på Beitostølen, som er førande for arbeidet, ligg med ei heilt anna og snevrare avgrensing enn det som no ligg føre. Forslag til utviding er ikkje grunngeve. Etablering av gigantisk skiheis skal gje låg trafikkbelastning, men ein tek ikkje skiheis til butikken. Omfattande utbygging av sentrumskjerneområdet ved Aasgarden og i

området på sørsida vil vera konfliktfylt i høve eksisterande område for opphald ute, og gjera universell tilrettelegging av desse sær s vanskeleg. Aasgarden og Størrtjedlie vest for Beitostølsvegen bør ikkje vera ein del av sentrum, og vil svekke utvikling av ei kompakt og hyggeleg sentrumskjerne. 5+ etasjar i området Markahøvda, Aasgarden er ikkje tilpassa eksisterande bygningsmiljø i desse områda. I planprogrammet er det opplyst om at det skal utarbeidast ein fortettingsstrategi. Dette finnes ikkje i plandokumenta og KU for fortetting er ikkje vurdert. Utviding av sentrumsgrense må konsekvensutgreiast.

357 (24/4321) Terje og Berit Inglingstad

Utviding av sentrumskjernen er ikkje fagleg grunngjeve, og har som skjult føremål å legge til rette for å bygge 5 etasjar i Aasgarden. Dette er i strid med gjeldande regulering av Aasgarden, 1,2 og 3. Sentrumsgrense som deler sentrum i to store areal der ferdsele skal skje med ein ski- og gangbru er ikkje framtidsretta i ei bilfri framtid. Etablering av store nye utbyggingsområde gir trafikk ut over det vegane er bygde for. Nye reguleringsplanar bør ikkje godkjennast før sikre VA løysingar er på plass. Desse planane vil gje fråflytting.

385 (24/4627) Nils Ole Robøle og Kristin Fystro

Utbyggingsgrensa må gå i området frå Skreostølen via næringsarealet ved Yddin Fjellstue og følge grensa til Kjølaåne naturreservat mot Yddeosen (Kart).

386 (24/4629) Anne Hanslien

Utbyggingsgrense må ligge så nær busetnaden og bygde areal som mogleg. (Kart) Trase for sperregjerde må endrast og leggest ned til bygde areal.

387 (24/4630) Øystre Slidre Bonde og småbrukarlag

Utbyggingsgrensa må trekkast nærmare bygda for å ivareta Heimre Hedalsstølen, beiteområde og viktige kulturlandskap (Kart). Sentrumskjerne på Beitostølen bør reduserast i tråd med vedlagt kart, grunna myrområde innanfor.

394/393 (24/4636) og (24/4637) Bente Oxhovd, Tor Oxhovd og Torgeir Svalesen

Utbyggingsgrense og føresegner knytt til den, vil vera lik på vårt areal på Okshovdstølen, som er ein del av Beitostølsområdet, som på Vinstervatn og Ole m. fl.. Ei slik utbyggingsgrense vil vera tung politisk å flytte på, og er grensa trekt for langt ned vil den legge høvesvis for store bindingar knytt til tida og høva. Hytteigarane i dette området er truleg ikkje kjende med kva føringar dette legg for deira eigedomar, då mange bygg i området allereie er større enn 90 +20 kvm. Dei ber i innspelet om at utbyggingsgrensa minimum blir justert slik at den går på oversida av GBNR 6/1 og går vidare mot sør i grensa mellom GBNR 5 og 6 som vist i figur på kart.

400 (24/4646) Sørre Beito sameige

Utbyggingsgrensa på oversida av Hagastølen/Tvengejordet bør følge reguleringa av Johmstølvegen i grensa mellom 9002/57 og 9002/19.

407 (24/4656) Beitostølen tomteselskap AS

Dei meiner det er rett at Størrtjedlie er delt i 2 sentrumssoner. Størrtjedlie nord er ei naturleg forlenging av Markahøvda og blir ei overgangssone mellom etablert fritidsbygg i Sørre Garli og Markahøvda og konsentrerte utbyggingsformer i indre sentrum. Dei har lagt ved kart som syner soneinndelinga.

410 (24/4661) Arnfinn Beito

Indre sentrumssone merka blått i kartet må avsluttast på det smalaste mot nord-vest. Her er forslaget opp til 5 etasjar. Det bør vera ein naturleg avtrapping mot kanten. Ein kan då ikkje gje løyve til 5 etasjar opp mot blå strek mot nord-aust.

417 (24/4670) Skjenhauglie-gruppa v Henrik Myrmel

Innspelet inkluderer eit utarbeidd utviklingskonsept som drøftar moglege prinsipp for utvikling av området og syner eit utbyggingspotensial for 100 000 kvm. Eit vilkår for å kunne løyse ut dette potensialet er å gjere kommuneplanen meir overordna og strategisk utan å skilje mellom byggetomter, vegar, infrastruktur, friområde/idrett og stiar og løyper, kan kommunen

legge grunn lag for at dei som bidreg med areal får sin høvesmessige del av verdiane som blir skapt. Sentrumsområdet må utvidast til å femne om areal sett av til idrettsanlegg, der m.a. friområde i aust kan ivaretakast med omsynssone med funksjonskrav. Dei støttar overordna utviklingsstrategiar, men tilrår at det blir løyst opp i m.a. gater, stiar og løyper og sambruksområde. Kommuneplanen klargjer ikkje kva som skal sikrast/avklarast gjennom høvesvis område- og detaljreguleringsplan. Dette må avklarast. Det viktigaste for Skjenhaugliegruppa er at arealet til sentrumsføremål vert utvida.

418 (24/4671) Elisabeth Eggesbø

Utbyggingsgrense må trekkast frå Garli langs eksisterande bygde areal ned til Stølslie bustadområde. Blå grenseline rundt sentrumskjeerne er alt for stor, og bør berre omfatte hotellet og Riddertunet. Raud grense bør fjernast og sentrumsområde utgreiast betre. Liahovda og Liahaugstølen bør vera naturområde. Liahovda er og eit viktig område for stadion og helsesportssenteret. Naturkartlegging bør utførast også i desse områda etter modell frå Luskeråsen. Det er elles nok bustadtomter til fastbuande i lang tid framover. Nye område er ikkje naudsynt. Fleirbrukstrase frå Garli til Stølslie vil rasere store område og kan erstattast av ein enkel tilrettelegging som kan nyttast også av funksjonshemma. Skiløype frå Syvervegen til rød1 må ikkje flyttast vekk frå bustadar og hytter.

422 (24/4675) DNT Valdres

Positivt med fjellgrense, men den bør ikkje vere lengre inn enn der det allereie er etablert hyttefelt av ein viss storleik (5-8). Det er positivt at kommunen har starta arbeid med arealrekneskap og planvask. Fortetting bør vere reell, ikkje omfatte nye areal ved sidan av utbygde. Planen tillèt nedbygging av myr i for stor grad, og det bør ikkje byggast infrastruktur som vegar eller VA innover mot fjellet. Lysbruk på hytter bør regulerast i KPA og ikkje i reg.plan. Bør det vere eit punkt om grasplonar på hytter i fjellet? Kart for sentrumsområde Beitostølen er vanskeleg å forstå, og opnar for bygging i store ubygde areal, også med myr. Generelt skeptiske til sentrums-grense så langt nord som Aasgarden 3 og opp under Skjenhaugen.

359 (24/4368) Fjellgrensenettverket i Valdres

Utbyggingsgrense må ned til grense for noverande bygde område. Det må gjennomførast ein tilstrekkeleg planvask og så fjerne alle arealtiltak som bygger ned verdifull natur. Planen syner at kommunen framleis planlegg utbygging av store myrareal. Liahaugstølen må bevarast for framtida. Fjellgrensenettverket støtter momenta frå hyttelaga i Øystre Slidre sitt høyringsinnspel. Det er stor forventning til det kommunale sjølvstyret i Øystre Slidre kommune om ein meir ansvarleg arealforvaltning.

333 (24/4222) Asgeir Larsen m.fl

Innsendarane meiner det er svært krevjande å sette seg inn i planprosessane i kommunen, med m.a. håplaut avanserte kart. Største fellesnemnar for dei som bor i kommunen er nærleik til natur, og dette utkastet er i tydeleg konflikt med slagordet Rein Naturglede. Informasjonen dei finn er i liten grad for og mot, men ein sidedig framstilt frå utbyggjarar og administrasjon. Dei er mot vidare hyttebygging i neste planperiode, då ein er i ferd med å bygge ned det som var årsaka til at mange har valt Beitostølen, nærleiken til natur. Skal det byggast hytter må det være etter ein fortettingsstrategi, ikkje i ein fortolka versjon, men mellom eksisterande hytter. Det er og eit moment at vasstilførsel og avløp må på plass før enn det kan bli nye einingar. Liahaugstølen var vedtatt før ny KPA, og burde ha vore lagt død for lenge sidan.

Vurdering:

Utbyggingsgrense:

Kommunen har ei utbyggingsgrense som går gjennom heile kommunen. I 2012 tok kommunen utgangspunkt i verneskoggrense vedtatt av fylkeslandbruksstyret (frå 1994). Ved revidering av KPA i 2017 blei grensa flytt innover slik at den var meir tilpassa landskapet og


etablerte hytte- og stølsområde. Hovudmålet med utbyggingsgrensa er å ha ein langsiktig ramme for arealbruken.

I formannskapssak 49/24 blei følgjande tilråding vedteken: «*Formannskapet ber kommunedirektøren vurdere kor utbyggingsgrensa skal gå i område omfatta av eksisterande kommuneplan*».


Nasjonale føringar seier at ein skal: unngå utbygging over skoggrensa og i andre opne landskap utan vegetasjon; unngå utbygging som bryt tydelege åsprofilar eller viktige horisontlinjer; unngå bygging på kollar og toppar; unngå utbygging i eksponerte dalsider; unngå bygging på myr. Myr har også ei viktig rolle fordi myra kan halde på vatn og dempa konsekvensane av tørke og flaum, og er slik sett viktig for samfunnstryggleik, redusera risikoen for naturfare, og klimatilpassing. Viktige omsyn til naturmiljø, viltet og beite vert og teken omsyn til ved å avgrense utbygging mot fjellet.

Vi har vurdert utbyggingsgrensa i gjeldande kommuneplan på ny, med bakgrunn i f-sak 49/24. Kommunedirektøren tilrår følgjande endringar av utbyggingsgrensa i dette området: Ved Rogne er utbyggingsgrensa flytta ned i terrenget til VA-sona rundt Mellseenn. Avgrensinga er naturleg då området mellom Skarvemellen og Valdres skiferbrot er bratt og ulendt, og ikkje eignar seg til utbygging. Frå skiferbrotet og mot nord følgjer arronderinga i naturleg avgrensing i utkanten av nærturterrenget for Krøsshaugen bustadfelt, Rogne skule og Kollstadbygda mot sør, og oppover i høgda mot snaufjellet der omsynssone bevaring av naturmiljø ligg. Denne skal vareta omsynet til overgangssoner mellom barskogområda og fjellet utan utbygging. Omsynssona har følgjande føresegn i gjeldsande KPA:

Korridorar mellom fritidsbustadområde, H-560-K Store delar av overgangssonen mellom barskogområda og fjellet er bebygd av hytter. Vi har att nokre korridorar mellom barskogområda og fjellet utan slike inngrep. Desse er viktige å ta vare på som korridorar for vilt, naturbasert friluftsliv og framtidige behov som vi ikkje kjenner i dag. Områda har hensynssonenamn H-560-K.




Figur 9. Ny linje til utbyggingsgrensa mellom Mellseenn og Rognslifjellet i utheva stipla linje.




Figur 10. Gamal (til høgre) og ny linje til utbyggingsgrensa mellom Mellseenn og Rognslifjellet i utheva stipla linje.

I dalsida mellom Øyangsli og Rabalsmellen følgjer revidert utbyggingsgrensa øvste avgrensing til utbyggingsområdet i Øyangsli, med naturleg arrondering langs høgdekota frå Øyangsli mot nord. Her vil grensa og gå utanom store kalkrike område i fjellet, vassmiljø av høg verdi og myr.

Mellaneplatået mellom Rognslifjellet i vest, Skarvemellen i sør og Rabalsmellen i nord er eit kartlagt viktig utfartsområde. Det har store landskapsverdiar, og området er mykje i bruk til rekreasjon og friluftsliv. Området står fram som eit viktig samanhengande naturområde med få eller ingen tekniske inngrep. I kartlegging og verdsetjing av friluftsområde (FS 27.09.18) er det vurdert til å vera eit landemerke med karakteristisk profil, ha god og familievenleg tilgjenge både frå nord og sør. Det er òg eit geologisk typeområde for 'Valdresdekket'.




Figur 11, Ny linje til utbyggingsgrensa mellom Øyangsli og Vangsjøen i utheva stipla linje.




Figur 12, Gamal (til høgre) og ny utbyggingsgrense mellom Øyangsli og Vangsjøen.

I områda rundt Yddin er utbyggingsgrensa flytt ned til noverande hyttebusetnad ved Synhaugen. Vidare er grensa trekt langs VA-sona og vidare over Yddin, nedanfor dei store myrområda og stølsområda nord for Yddin. Utover dette er grensa uendra.



Figur 13. Ny linje til utbyggingsgrensa mellom Vangsjøen og Yddin i utheva stipla linje.



Figur 14. Gamal (øverst) og ny utbyggingsgrense mellom Vangsjøen og Yddin.

Sentrumsgrense/sentrumskjergrense:

Kommunestyret har i samfunnsdelen av kommuneplanen sagt at vi skal vidareutvikle Beitostølen med sine urbane kvalitetar. Beitostølen er prega av mange fritidsbebuarar og deltidssinnbyggjarar, og manglar ei tydeleg sentrumsavgrensing som kan byggje opp om tettstaden som eit områdesenter i Valdres.

Planfagleg synfaring på Beitostølen 18. september 2024

Ein fagleg temadag og synfaring vert gjennomført med fylkeskommunen og statsforvaltaren på Beitostølen i september. Temaet for møtet var vidare utvikling av Beitostølen med vekt på sentrumsavgrensing, Beitostølen sør og fortetting.

Etter synfaring kom fylkeskommunen med innspel til sentrumsavgrensing.

Fylkeskommunen syner til Rettleiar om planlegging av fritidsbustader (KMD, 2022), som gjer råd om at «Kompakt sentrumsutvikling med funksjonsblanding og konsentrasjon av tenester og møteplassar kan bidra til meir attraktive stader for både besøkjande og bebuarar.» Med utgangspunkt i dette ynskjer fylkeskommunen ei ny vurdering av sentrumskjerneavgrensinga, med eit meir kompakt sentrum med gode kvalitetar. Ein for stor og avlang sentrumskjerne fører til store avstandar mellom sentrumsfunksjonane, og kan m.a. føre til at fleire nyttar bil i staden for å gå innanfor sentrumskjernen.

Fylkeskommunen syner til Regional plan for attraktive byar og tettstader i Oppland for å tilråde ei utstrekning av sentrum på Beitostølen som ikkje er meir enn 500-800 meter i utstrekning. Dette vil vere tilstrekkeleg for å oppnå eit godt og kompakt sentrum med urbane kvalitetar. Fylkeskommunen tilrår at ei indre sentrumssone vert avsett til sentrumsføremaal i ny plan, og at sona vert avgrensa både i lengde og i bredde slik at areala langs fylkesvegen utgjer sentrumskjerna. Dei tilrår ei tredeling av sentrumsområdet som eit godt utgangspunkt for vidare tettstadutvikling på Beitostølen. Fylkeskommunen legg til at dersom kommunen etter kvart ser

det naudsynt med ei utviding av sentrumskjerneområdet, kan det gjerast ved seinare rullering av kommuneplanen.

Våre vurderingar

Kommunedirektøren er samd i fylkeskommunen sitt innspel om å ha tre soner innanfor tettstaden Beitostølen:

1. sentrumskjerne,
2. sentrumsområde, 3. tettstadgrense.

Vi tilrår å innskrenke sentrumskjernen på Beitostølen for å skape eit tett og kompakt sentrum med gode urbane kvalitetar. Om vi ser det som naudsynt å utvide sentrumskjerneområdet etter kvart, kan det gjerast ved ei seinare rullering av kommuneplanen. Sentrumskjernen må utviklast og stå fram som eit tydeleg sentrum før den eventuelt kan verte utvida.


Sentrumskjernen

I sentrumskjernen skal det vere sentrumsføremål, fleirfunksjonell aktivitet, handel, næring og servicetenester som bevertning, i tillegg til busetnader. Fleirfunksjonelle byrom og opne, aktive fasadar og fyrsteetasjar tiltrekker seg folk og gjev viktige sentrums kvalitetar.

I sentrumskjernen kan det byggjast inntil fem etasjar. Det er viktig at bygningane vert plassert godt inn i landskap og terreng og at gode uterom vert opparbeidd. Fortetting og ny utbygging skal ha høg arkitektonisk kvalitet på bygningar, uterom og omgjevningar. Livet mellom husa skal varetakast, og møteplassar og offentlege uterom skal tilpassast både tilreisande og fastbuande i for bruk heile året. Det inneber at uteromma skal vere attraktive også om vinteren.

Bergojordet og Liastølen er inkludert i sentrumskjernen. Desse områda skal ikkje ha sentrumsføremål, men er ein del av sentrumskjernen fordi dei er viktige fri- og kulturområde som gjev kvalitetar til sentrum i form av offentleg tilgjengelege uteområde og grønne nærtur- og kulturområde. Bergojordet og Liastølen kan fungera som identitetsskapande kvalitetar på Beitostølen fordi de syner til historiske landskap og kulturminne som har vore viktige i utviklinga av Beitostølen som stad.

Sentrumskjernen skal skape og oppretthalde urbane kvalitetar som gjev eit levande og aktivt sentrum.



Figur 15, Illustrasjonen syner avgrensinga av sentrumskjernen på Beitostølen, der vi ynskjer urbane sentrumskvalitetar.


III. 1: Illustrasjonen syner avgrensinga av sentrumskjernen på Beitostølen, der vi ynskjer urbane sentrumskvalitetar.

Sentrumsområdet

I sentrumsområdet skal det ikkje tilrettelagast for like intensiv handel og næring som i sentrumskjernen. Det bør likevel opnast for at nokre handels- og næringsfunksjonar kan etablerast i utvalde område så lenge det ikkje konkurrerer med sentrumskvalitetane i sentrumskjernen, for å byggje opp om ein sterk sentrumskjerne.

Det bør opnast for fortetting og høg utbygging også i sentrumsområdet, med moglegheit for å byggje inntil fem etasjar. Bygningane skal passast inn i landskap og terreng på ein god måte, og ha høg arkitektonisk kvalitet. Dette gjeld både bygningar og omgjevnadar. Bygningane skal ikkje skilje seg så mykje ut i landskapet at dei påverkar viktige siktelinjer.


Kommunedirektøren tilrår at sentrumsområdet får følgjande omfang:



Figur 16, Illustrasjonen syner avgrensinga av sentrumsområdet (med inste sentrumskjerne i mørkeraudt) på Beitostølen.

Tettstadgrensa

Tettstadgrensa syner den ytre grensa til tettstaden Beitostølen. Arkitektonisk kvalitet og lokal byggjeskikk skal liggje til grunn for nye utbyggingsområde, og det vert ikkje opna for å byggje høgare enn tre etasjar.



Figur 17, Illustrasjonen syner tettstadgrensa (i sort) på Beitostølen. Sentrumsområdet og -kjernen er markert i raudt/mørkeraudt.

Føresegner for tettstaden Beitostølen

Kommunedirektøren tilrår følgjande retningslinjer og føresegner for tettstaden Beitostølen:

Innanfor tettstadgrensa for Beitostølen gjeld følgjande:

- *Offentlege uterom og møteplassar med god kvalitet skal sikrast og vidareutviklast, m.a. på Bergojordet, Liastølen. Dette er særleg viktig i tett utnytta område og i handelsområde. Det gjeld også utanfor sentrumsområdet.*
- *Sti- og løypenett gjennom heile tettstaden og ut til friluftsområda skal sikrast.*
- *Det skal sikrast ein gjennomgåande grøntstruktur nord-sør som ein viktig del av landskapsbiletet og for å sikre bruksfunksjonar og økologiske funksjonar.*
- *Ved ny regulering vert det stilt krav om minimum utbygging av BRA. For leilegheitsbygga i sentrumsområdet kan BYA vera inntil 40%.*
- *Byggjehøgda kan innanfor tettstadgrensa vera på inntil 3 etasjar.*
- *Kommunen kan opne for ei avgrensa handel og næring utanfor sentrumskjernen som er tilpassa behovet lokalt dersom det ikkje verkar negativt på sentrumsfunksjonane i sentrumskjernen.*
- *For fjelldestinasjonar er det ein samanheng mellom bygningstype som blir bygd og utvikling av området sin identitet og attraktivitet. Framtidige reguleringsplanar og handsaming av saker etter PBL skal bygge opp om ein typologi som gir Beitostølen sentrum ein identitet, jf. moglegheitsstudien frå arkitektthøgskulen i Oslo.*

Innanfor sentrumsområde for Beitostølen gjeld følgjande:

- *Byggjehøgda kan innanfor sentrumsområdet vera på inntil 5 etasjar. Bygningane skal plassert godt inn i landskap og terreng. Bygningane og omgjevnadane skal utformast med høg arkitektonisk kvalitet.*
- *Innanfor sentrumsområdet skal fortetting skje i utvalde område og det skal fortettast med kvalitet, jf. føresegner om fortetting med kvalitet i kommunen.*
- *Det vert sett krav til utforming av nye bygningsstrukturar og uterom, og nye strukturar skal ta omsyn til lokalt særpreg, , jf. føresegner om fortetting med kvalitet i kommunen.*
- *I fortetta og høgt utnytta område skal det opparbeidast gode offentlege møteplassar og gode uterom mellom husa.*
- *Handels- og næringsfunksjonar kan etablerast i utvalde område innanfor sentrumsområdet, så lenge det ikkje konkurrerer med sentrumskvalitetane i sentrumskjernen. Det kan t.d. gjelde funksjonar som høyrer til etablering av eit nytt sentrumsnært hotell i Størrtjednlie-/Menkelieområdet. Det gjeld òg allereie eksisterande handel og næring som er etablert innanfor sentrumsområdet.*
- *Det skal etablerast ski inn – ski ut der det er tilgjengeleg areal for det.*
- *Det skal ved nye reguleringar setjast krav om at hushaldningsavfallet frå fritidsbustader og bustader skal oppbevarast innomhus eller i nedgravne løysingar*

utomhus. Næringsavfall skal også oppbevarast innomhus eller på andre måtar skjult frå det offentlege rommet.

- *Ved ny regulering kan krav til parkeringsdekking bli sett lågare enn parkeringsnormene i KPA og parkeringa skal løysast ved parkeringsanlegg under bakken eller ved frikjøp frå parkeringskravet.*
- *Handtering av overvatn skal, så langt det let seg gjere, handterast lokalt og opent, og skal inngå i offentlege grøntstrukturar.*

Innanfor sentrumskjernen på Beitostølen gjeld i tillegg følgjande:

- *Innanfor sentrumskjernen skal dei urbane kvalitetane sikrast og utviklast. Funksjonar og føremål som detaljhandel, restaurantar og anna privat tenesteyting skal lokalisert i sentrumskjernen. Opne og aktive fasadar skal bidra til sentrumskvalitetar og at sentrum på Beitostølen vert levande og aktivt.*
- *Innanfor sentrumskjernen skal det vere høg utnyttingsgrad. Byggehøgda kan innanfor sentrumskjernen vera på inntil 5 etasjar, men kan i enkelte tilfelle også vera over det. Byggehøgder over 5 etasjar skal grunngjevast.*
- *Det skal opparbeidast areal til parkering utanfor dei viktigaste sentrumsområda- og møteplassane.*
- *Grøne lungar og lokal handtering av overvatn kan bidra til å skape nye kvalitetar i sentrum, og må sikrast i sentrumskjernen.*
- *Arkitektur, byggjeskikk, lokalt særpreg, tettleik av nye bygg og variasjon i bygningar påverkar den arkitektoniske kvaliteten, og skal takast omsyn til i utforming av nye område i sentrumskjernen.*

Generelle føresegner for fortetting med kvalitet

Kommunedirektøren tilrår følgjande retningslinjer og føresegner for fortetting med kvalitet:

- *Nye bygg skal tilpassast eksisterande bygningsmiljø, terreng og landskap. Det skal takast omsyn til kvalitetar ved byggjeskikk og landskap m.a. ved at lokalt særpreg og tradisjon vert vareteke i bygningsstruktur og -utsjånad.*
- *Sti- og løypenett ut til friluftsområde skal sikrast.*
- *Handtering av overvatn skal, så langt det let seg gjere, handterast lokalt og opent.*
- *Fortetting skal gje høg kvalitet både på bygningar og omgjevnadar.*
- *I område kor det vert opna for høgare bygg enn det som er i området skal det gjennomførast utgreiingar om m.a. korleis utbygginga vil påverke visuelle kvalitetar og viktige siktelinjer.*

Tilråding:

Kommunedirektøren tilrår at ny utbyggingsgrense i samsvar med figur 9-14 i dette notatet.

Kommunedirektøren tilrår tettstadavgrensing, sentrumssone om sentrumskjerne for Beitostølen i samsvar med figur 15-17 i dette notatet, med dei føresegnene og retningslinjene for Beitostølen sentrum som går fram av dette notatet.

SKIHEIS**407 (24/4656) Beitostølen tomteselskap AS**

Områderegulering av Størrtjednlie er framleis uavklart etter 12 år. Tilbringarheis har vore eit sentralt tema, der partane har ulikt syn på om det er best med stolheis i korridoren eller landsbybuss. Dette har størst betydning for areala mot Beitestølsvegen, og mindre betydning for eigedomane i Størrtjednlie Nord. Generelt ynsker ein at det blir satsa på Landsbybuss, som og kan tene andre område på Beitostølen. Dei støttar innspelet frå Beitostølen fjellandsby. Om tilbringarløysinga ikkje blir snarleg avklart ønsker Størrtjednlie Nord å sette i gang detaljregulering, og syner til Aasgarden, der området kunne regulerast utan at tilbringarspørsmålet var avklart, og dei ønsker å få same moglegheit.

384 (24/4625) Beitostølen Fjellandsby AS og Hytteplan AS

Innspelet er knytt til Størrtjednlie med mål om å få aksept for å ta Størrtjednlieheisen ut av planområdet. Kostnadane med å etablere heisen er heilt uforsvarlege. Eit miljøvenleg alternativ som reduserer bilbruk og aukar mobiliteten vil vera ein landsbybuss(ringbuss), som kan dekke transport heile året. Heisen vil ha ei kostnadsramme på 200 mill. kr, med tillegg for kompensasjon for areal som går med. Dette vil utelukkande vera ein tilbringarheis. Valt trase vil enkelte stader vere 30 meter brei og svært bratt. Parkeringsplass i botnen vil ligge 1,5 km frå start. Arealet som er tiltenkt heistraseen vil vere eit sentrumsnært område, godt egna for utbygging. Dette vil kunne auke kundegrunnlaget for forretningar, spisestader og andre servicetilbod.

Vurdering:

Det har våre ein forutsetning frå tidlegare med ski inn/ski ut. Spørsmålet om heis må takast stilling til i ein reguleringsprosess.

Tilråding:

Innspelet vert teke til orientering.

RENOVASJON**321 (24/4122) Magnhild Strand**

Protesterer på forslag om VKR. Plassering av hytterrenovasjon blant fastbuande på eit jorde midt i Beito-bygda høyrer ingen stad heime. Dyrka mark har eit sterkt vern og skal ikkje brukast til slike føremål. Blokkering av innkøyringa og beslaglegging av delar av jordet gjer det vanskeleg å bruke resten av jordet. Garden er i aktiv drift med mjølkekyr og sauer og vi treng all jorda og beitene vi har. Beitestølsvegen er bratt og trafikkfarleg der den møter Beitovegen, og det er ikkje eigna å lage ei slik avkøyring her.

Vurdering:

Etter samtale med VKR er renovasjonsplanen teke ut av deira planar, som var bakgrunnen for at den låg inne i planen.

Tilråding:

Innspelet vert teke til følgje ved at renovasjonsplanen vert teke ut av kartet og område vert tilbakeført til LNF.

NÆRING Raubrøtmoen**309 (24/3390) Astrid Bidner**

Vinda og skogen høyrer saman.

310 (24/3406) Moane Vel, ved Atle Alund

Moane vel er kritiske til forslaget om å utvide næringsarealet på Raudbrøtmoen, og ønsker at kommunen i staden finn andre område for utviding av næringsareal. Dette er grunngeve med at området er eit viktig rekreasjonsområde for svært mange, lett tilgjengeleg, med etablerte turstiar. Det er også eit "nær-område" som kan brukast utan på bruke bil.

314 (24/3773) Jan Reidar Gausemel

Planlagt næringsområde vil forringe ein viktig del av eit turområde med stiar, sommar og vinter, for dei som bor i Moane, Tingvangfeltet, Heranglie og Heggenes. Dette er i konflikt med "Rein naturglede".

319 (24/4110) MTI/ ved Bård Bredesen

Bedrifta produserer mobile scener, og frå 2021 også til USA med omsetningsauke frå 9-21 mill. kr frå 2021 til 2023. Treng større plass inntil eigen tomt og har levert kartskisse der dei ynskjer ein trekant i plankartet lagt inntil deira areal for å sikre fylling og gi ein betre tilkomst til eksisterande bygg.

329 (24/4201) Eldrerådet i Øystre Slidre

Eldrerådet oppmodar kommunen om å la det føreslegne industriområdet på Raubrøtmone ligge urørt, då dette er eit viktig rekreasjonsområde for alle i og kring Heggenes.

338 (24/4228) Heggenes Vel

Heggenes Vel meiner dette området må ligge urørt. Sats på å vedlikehalde dei etablerte stiane og utvikle området med bru over Vinda. Ta opp att tidlegare skiløyper og la dei som bur i området kose seg. Trivsel gir bu-lyst, fleire innbyggjarar, betre folkehelse og styrka økonomi for kommunen.

360 (24/4369) Knut Johan Andersen

Andersen ønsker ikkje at 72 da av egedomen hans ,Raubrøtmoen, skal leggest ut som industriområde. Då er det ikkje mykje skog att, og egedomen som det er kytt bu og driveplikt til, vil det bli enda verre å få lønsemd i . Området er viktig som friluftsområde, og alle bustader nær industriområdet vil bli råka. Ønsker ikkje å selje eller regulere dette til føremålet. Om det like vel skulle bli avsett , er det viktig å redusere omfanget mest mogleg.

361 (24/4370) Løkjisskogen vel

Sterkt fokus på utvikling av Heggenes tilseier at det blir viktigare med utferdsmoglegheiter. Gangbru over Vinda ved Vadet vil auke tilgangen til terrenget aust for Vinda. Folkestien må takast vare på og grensa for området må vera minst 50 meter frå denne viktige og mykje brukte stien. I utkast til ny KPA er vegetasjonsbeltet mot Vinda langt smalare enn det som ligg i eksisterande KPA. Dei same vurderingane må ligge til grunn i ny plan. Løkjisskogen vel dreg og i tvil om det er naudsynt med utviding, då det framleis er ledig areal, men som har privat eigarskap. Bør gamle idrettsplanen inn som friluftssareal i planen ? Rasteplassen ved RV51, med gangbru over vadet ved Heggefjorden og tilrettelegging for å bruke området ved Storefossen som ein attraksjon, burde og vera ein del av planen.

366 (24/4378) Magne og Liv Skjel

Folkestien, Heranglie, Løkjiskogen, Vinda treng alle at ein tek vare på inngang og utgang til desse unike områda via Raubrøtmoen. Planlagd utviding aust for noverande næringsområde vil gje tilkomst til eit flott turområde ned mot Vinda. Tilgang til folkestien over Raudbrøtmoen må sikrast. Eit stort næringsområde nært og inntil planlagde bustadområde gjer dei langt mindre attraktive.

368 (24/4388) NVE

Det er uheldig at nye næringsbygg må vera innanfor tettstadgrensa. Dette betyr at ein må legge til rette for næring ved utviding av Raudbrøtmoen, og dermed øydelegg tilkomst for folk i nærområda.

373 (24/4532) Liv Vingdal og Vegard Rudiløkken

Planforslaget om å utvide næringsarealet ved Raubrøtmoen med vel 70 da vil føre til ei betydeleg nedbygging av eit viktig nærturterreng i kommunesenteret. Sjå heller på

moglegheitene sør i kommunen ved Ygna. Planlagt næringsareal ved Raubrøtmoen må ut av planen, og vidare bør gamle Raudbrøtmoen idrettsplass bli sikra som friluftsområde i endeleg plan. Kommunen har eit stort ansvar for å stimulere alle deler av innbyggjarane til aktivitetar i nærmiljøet. Då kan ikkje slike område tett på der folk bur byggast ned.

379 (24/4562) Anne Marie og Tor Harald Skogheim

Næringsareal er viktig, men slike areal må kunne finnast andre stader enn i det mest brukte friluftsområdet for fastbuande i kommunen. Endringa i forslaget til KPA vil øydelegge området for turmoglegheiter, glede og naturoppleving. Konsekvensutgreiinga er feil på ei rekke punkt. Dette er ingen fortetting slik planen legg opp til, men ei utviding på nytt og nesten urørt areal. Forslaget må ut av KPA.

383 (24/4624) Hans Kristian Syversen

Utviding av arealet på Raudbrøtmoen kjem av eit uttalt behov for areal til nyetableringar. Det er framleis ubyggt areal innafor reguleringa, men med privat eigarskap. Etableringsplikt og retursal av unytta areal må inn som vilkår ved sal. Ikkje berekraftig å utvide med nye industriareal når eksisterande er dårleg eller ikkje nytta. Det vart i si tid etablert folkestien langs Vinda frå Løkjiskogen til idrettsplassen ved Raubrøtmoen. Lokalt stinett er etablert i området Haughøvdhovda -Vinda. Det må inn ei klar markert omsynssone for å verne mot inngrep i området. Vegetasjonsbeltet mot Vinda må ha same breidde som i eksisterande plan. Utviding av industriområdet må minimum leggast 50 meter vekk frå folkestien.

385 (24/4627) Nils Ole Robøle og Kristin Fystro

Området bør ut av KPA då det er liten forankring og stor motstand i å ta dette området i bruk.

416 (24/4668) Tonje Cecile Tveten Lund

Advarer mot nedbygging av Raudbrøtmoen, som er eit viktig friluftsområde for Heggenes. Det vil vera eit grep som ikkje kan reverserast.

Vurdering:


Det har kome mange innspel til lokalisering og omfanget av næringsområdet på Raudbrøtmoen som var føreslått i høyringsdokumentet. Vi gjorde ein omfattande jobb i forkant av 1. gongs høyring om lokalisering av nytt næringsareal i kommunen, jf. notat til formannskapet om det. Kommunedirektøren vurderer det framleis slik at samla sett er den beste lokaliseringa av nytt næringsareal å leggja dette i tilknytning til eksisterande næringsareal på Raudbrøtmoen. Dette vil legge til rette for å utvikle eksisterande verksemder i kommunen og etablering av nye verksemder.

På bakgrunn av dei mange innspela knytt til næringsarealet på Raudbrøtmoen har kommunedirektøren i samråd med formannskapet gjort ei vurdering av omfanget av nytt næringsareal. Som del av dette gjennomførte vi eit høyringsmøtet om utviding av dette næringsområdet. Dei som hadde gjeve innspel på forslaget til utvida næringsareal på Raudbrøtmoen vart invitert på møtet, og totalt møtte det 12 personar som representerte seg sjølv eller ei velforeining. Det møtte også folk som driv næring op industriområdet. På møtet fekk dei framømte moglegheit til å fremja sine synspunkt knytt til ei utviding av næringsarealet. Dei framømte omtalte området som særskild viktig i høve til nærfriluftsliv for innbyggjarar både i Heggenes, Løkjiskogen og Moane. Det er fleire stigar i området som blir flittig brukt heile året, og mange nyttar den gamle idrettsplassen til ymse aktivitet. Det var samstundes forståing for at næringsdrivande på industriområdet har behov for meir areal. Det vart også reist spørsmål om det var mogleg å fortette innanfor eksisterande næringsområde, og få ei høgare utnytting av store tomter. Administrasjonen understreka at dei ikkje lenger eig areal innanfor det som er regulert til næring, og at ein er nøgd til å utvide området i høve til å utvide eksisterande næringar, samstundes som vi treng plass til nye. Administrasjonen var også klare på at arealet som var føreslått utvida i første høyringsrunde var stort, og at me ville vurdere ein reduksjon av det utvida næringsareal.

I framlegget som var ute på høyring var det sett av 72 dekar til utvida næringsareal ved Raudbrøtmoen. Delar av dette arealet er viktig nærfriluftsområde for dei som bur i Heggenes og på Moane. Kommunedirektøren meiner at området kan reduserast, samtidig som vi sikrer tilstrekkeleg næringsareal dei komande 12 åra, sjå kartet under. I dette framlegget er 37 daa avsett til næringsføremål sør og aust for dagens regulerte næringsområde på Raubrøtmoen, i tillegg til det 10 daa regulerte området søraust for vegen i feltet. Omlag 35 daa av det som låg i forslaget ved første gongs høyring er tilbakeført til LFNR.

I tillegg tilrår kommunedirektøren å ta ut eit areal i eksisterande kommuneplan sett av til framtidig bustad ved Heranglie bustadfelt på 56 dekar. Det inneber at det vert teke ut 19 dekar meir som er sett av til framtidig utbygging enn det som vert lagd inn som nytt utbyggingsområdet. I sum vil desse endringane ivareta omsynet til nærfriluftslivet og viktigheita av gode turområde i nærleik til kommunesenteret, samtidig som vi har tilgjengeleg næringsareal i denne delen av kommunen. Omsynssona for friluftsliv bør utvidast til å også omfatte desse område som vert «reversert» til LNFR-område.

I omsynssona for friluftsliv kan det tilretteleggast betre for friluftsliv, med t.d. merking, infoskilt, møteplassar/gapahuk, bru over Vinda m.v. Slike tiltak må ev. gjerast i samarbeid med brukarane av området og når det ev. er tilgjengelege midlar til å gjennomføre tiltaka.



Tilråding:

Innspelet vert delvis teke til følgje ved å redusere arealet avsett til næringsformål.

Olevegen/Mørken

Dok.nr JPNR Innspelsaktør 12-Mørken/Olevegen

318 (24/4276) Øystre Slidre Jeger og fiskeforening

ØSSJF v Silje Skattebo viser til 2 trekkruiter for elg som går gjennom dei områda ved Olevegen som er planlagt til næring. Historisk er det mange elgfall langs desse trekkrutene, og eit slikt næringsareal vil gi kraftig forringing av elgjakta. Dette må vurderast i arbeidet og ØSSJF oppmodar kommunen om å ta omsyn til vilt- og jaktinteressene i arbeidet med arealplanar. Kart over trekkruiter er vedlagt og dei viser til rettleiar om hjortevilt i arealplanlegging.

332 (24/4219) Judith og Sigbjørn Hegge

Kommunen seier at eit C-område ikkje skal ligge i nærleiken av hus, hytter eller gardsbruk. I nærleiken til dei føreslegne områda ligg det 19 hus/gardsbruk og 10 hytter. Viktig vilttrekk. Mange bekker i området renn til Hedalsfjorden, og slik aktivitet kan lett føre til ureining. Det

ligg og 4-5 brønner som er vassforsyninga til gardar, hus og hytte, som vil bli ureina av slik aktivitet som ligg til eit C-område. Planlegging av eit slikt næringsområde vil gi betydeleg verdireduksjon av eigedomen. Trongen for næringsareal kan løysast kring eksisterande næringsområde på Beitostølen.

333 (24/4222) Asgeir Larsen m.fl

Innsendarane sår tvil om trongen for nytt næringsareal, og stiller spørsmål ved konsekvensutgreiinga. Næringsareal kan løysast rundt eksisterande næringsområde på Beitostølen. Dei ønsker at dette området skal stå att som ein buffer mot den tunge utbygginga på Beitostølen. Området er også viktig for vilt, fugleliv, planter og har store innslag av myr, og gode moglegheiter for dyrking og beiting. Rømming av hund, lukt og bråk frå hundegardar vil påverke beitedyr, vilt og folk. Kommersiell sledehundkøyring tek i bruk store areal i fjellområdet og fortrenger beitedyr og vilt, og forringer trivselen.

335 (24/4224) Otto og Anne Margrethe Skoglund

19 bustadar /gardsbruk og 10 hytter vil bli råka av dette tiltaket. Etablering av eit C-område med støyande, sjenerande og forureinande verksemd vil få konsekvensar for dei tre bekkane som renn gjennom området, øydelegge trekkruter for elg og rådyr, og forringe eit viktig kalvingsområde. Jaktmoglegheitene heilt inn til Ole vil bli forringa. Dette er i motstrid til det kommunen skriv om at biologisk mangfald skal sikrast og at det er ei viktig mål å ta vare på naturen. Vidare er det betydelege myrareal i området som drenerer mot bekkane, Området er rikt på kulturminne med 4 kolframstillingsanlegg, og gjennom området går det ein gamal "vetraveg", som var ein forlenging av den gamle Frugevegen. Veggen er ikkje med i Kulturminneplanen og må inn ved neste revisjon av den med sikringssoner. Alle eigedomane som ligg i nærleiken til dette c-området vil bli forringa. Vi kan heller ikkje klare å finne støysonekartet over næringsområdet trass i at kommunen har vurdert støypobelmatikk til ok i ROS-analyse. Kommunen må finne eit meir egna område til dette føremålet.

337 (24/4227) Hedalen og Okshovd /Lieb jaktlag

Næringsområda kring Olevegen ved Mørken må ut av arealplanen og eventuelt flyttast. Her må elgtrekka få gå som dei har gjort i alle år. Dette er grunngeve med at det her er to viktige elgtrekk på kvar side av Olevegen. Trekka er viktige, då elgane kjem frå Vestre Slidre/Vang og inn på hovudtrekket nord for Javnin og inn i nasjonalpark og Murudalen. Temakart vilt syner også at området er eit skravert vinterområde for skogsfugl. Eit nytt næringsområde må plasserast nærare Beitostølen, t.d. ved noverande miljøstasjon, maskinstasjon og flisfyringsanlegg.

340 (24/4237) Bente Hegge, Kari Nordtorp Hegge, Nils Ola Hegge og Kåre Bjørnsrud Hegge

Hegge eig GBNR 7/5. Næringsverksemd her tek hol på eit nytt område og belastar det med forureining. Det er fleire vasskjelder i området, og dei fungerer bra. Vi er ikkje interessert i å kople oss på den kommunale leidningen då det vi har fungerer bra. Fungerande private vasskjelder er også god beredskap. Alle hus, gardar og hytter vil tape i verdi og bli lite attraktive, når nærområdet vil bli prega av forureinande (t.d. støv og støy) og sjenerande aktivitet, slik kommunen sjølv beskriv c-område. Vidare vil det planlagde området få negative konsekvensar for beite, jakt og vilt, kulturminne og for nedbygging av myr. Arealet må ut av planen og framleis ha status som LNFR.

350 (24/4278) Eli A Østengen

Føreslegne næringsområde må ut av planen, då dei vil bli for synlege frå veggen og dette høver ikkje langs innfartsvegen til eit turistområde.

352 (24/4301) Victoria Rosland og Cody Wardensky

Eig fritidsbustad i Olevegen 36 GBNR 7/93 og føler seg tungt berørt av forslag til næringsområde. Utkastet har manglande og mangelfull KU knytt til arealendring frå LNFR til næring, og det er manglande eller mangelfull ROS og støyanalyse. Grunngeving for dette er detaljert lista opp i høyringssvaret. Etablering av eit næringsområde C, med støy og anna

aktivitet vil medføre stort verditap for deira eigedom. Det er vanskeleg å sjå at kommunen har vurdert alternativ til nedbygging av dette området mot endra bruk av areal som alt er teke i bruk. Det er vanskeleg å sjå at det ikkje kan vera relevant å ta i bruk område til c-føremål som ligg utanfor 5 km sonen, lagt til grunn i utkastet.

372 (24/4495) Ivar og Jorunn Sørлие

Eigar av fritidsbustad i Olevegen 38 og ser seg som svært råka av planane om næringsområde. Blir dette gjennomført vil det bety ein betydeleg verdireduksjon av eigedomen. Dei er bekymra for støy. Korleis blir terrenginngrepa? Kva er konsekvensane for vassforsyning, flom og overvatn?

375 (24/4542) Viktoria Rosland og Cody Wardensky

Er eigar av fritidsbustad i Olevegen 36 og ser seg svært råka av tiltaket, utan at verknaden for denne eigedomen verken er vurdert eller tatt omsyn til. Merknadane er knytt til mangelfull konsekvensutgreiing. Manglande ROS . Manglande dokumentasjon og utarbeiding av støyanalyse. For denne eigedomen vil føreslegen plan medføre store ulemper og tap av verdi. Det kjem heller ikkje fram at kommunen har vurdert alternative plasseringar. Tiltaket er generelt uheldig grunna omsyn til natur og miljø.

386 (24/4629) Anne Hanslien , Gudrun Sælid, Terje Hålimoen, Sigríd og Odd Bratvold, Ingvild Oldre Heggom, Gerd Bakkene, Ellen og Knut Ola Bakkene

Næringsområde Mørken på utsida av RV 51 må ut av planen og er i hovudsak i myrområde. Ved avsetting til kantsoner og veg blir det ingen ting att. Framlegg om næringsområde på begge sider av Olevegen er svært uheldig og er eit ope trekk for vilt. Utvid eksisterande næringsområde på Beitostølen.

408 (24/4659) Thomas og Katrin Aslagsby

Statlege retningslinjer for samordna bustad, areal- og transportplanlegging seier at ein rår til korte avstandar til daglege gjeremål og samordning av transportformer, og klare grenser mellom bygde område og LNF. Næringsområde Mørken /Olevegen bryt med dette. Dyrkbar mark. Vilt. Transport av dyr i stølsdrifta. Areal som kan nyttast til beite og oppdyrking skal oppretthaldast som LNFR.

410 (24/4661) Arnfinn Beito

Mørken næringsområde vil gje både støy og støv og passer ikkje inn saman med bustad og anna bruk av området i nærleiken. Dyrkbar mark. Har tidlegare fått avslag på å dyrke opp i dette området, men fått avslag med grunngjeving i at det då vart att for lite skog til gardsbruket. Dette er i motstrid til konsekvensutgreiinga som seier at arealet er uproduktiv skog. Handsamar kommunen næringar forskjellig?

414 (24/4666) Frank Skoglund m fleire

I ein avstand på 500 meter frå det føreslegne arealet er det 25 unike adresser, av desse 4 gardsbruk med dyr. Hedalsstølane er eit aktivt stølsområde og eit industriområde tett på vil vera utfordrande for desse gardsbruka. Omlag heile det planlagde området er registrert som dyrkbar jord. Turvegen frå Nordheimvegen til Beitostølen er mykje brukt av innbyggjarar, deltidsinnbyggjarar og besøkande. Eit næringsområde vil bli støyande og forstyrrende. Det er to større bekkar i området som drenerer til Hedalsfjorden. Etablering av verksemd vil kunne auka forureininga, og øydelegge kantsoner og det biologiske mangfaldet i området. Områda er generelt lite eigna, og råke landbruket og busetnad i området negativt, og viske ut grensa mellom bygd og tettstad. Generelt er forslaget i strid med mange av dei generelle mål kommunen har om landbruk, bumiljø og naturtilhøve. Dei legg fram forslag om at ein utvidar eksisterande næringsområde på Beitostølen. Det vil ikkje vera i konflikt med bustadar, turområde og landbruk.

421 (24/4674) Nordtorp Grustak AS

Uklart kva desse områda skal nyttast til. Snødeponi og massedeponi er nemnt, men dette har Nordtorp Grustak godkjenning for, og sær rasjonelt, då ein her m.a kan sikre gjenbruk av massar og ha ein rasjonell massetransport begge vegar, gravemasse inn og sortert

steinmateriale ut att til same byggeplass. Ein treng ikkje ta i bruk nye område til dette føremålet.

423 (24/4684) Sekretariatet Langsua Nasjonalparkstyre

Sekretariatet Langsua nasjonalpark har sett på to temakart for elgtrekk frå 2002-2005, der det er eit kartfesta elgtrekk som går frå bygda, via nordsida av Javnin og inn i noverande verneområde for Langsua. Dette funksjonsområdet er dermed ein del av økosystemet i Langsua, og det er derfor viktig at dette blir som før. Dei ønsker at kommunen vurderer planlagde arealføremål i og nær dette området opp mot funksjoner for elg.

Vurdering:

Kommunen har m.a. som mål å auke tal innbyggjarar og deltidsinnbyggjarar med minst 1% årleg og besøkande frå 300 000 i året til 600 000 innan 2035. Dette er vedteke i samfunnsdelen av kommuneplanen (KPS) og lagt til grunn i planprogrammet til KPA. Dette krev verken ei dobling i tal senger eller tal næringsareal. Men det krev tilgang på tilstrekkeleg næringsareal med rett lokalisering. Her har kommunen ei svært viktig jobb som tilretteleggjar. Ein god måte kommunen kan legge til rette for auke i tal deltidsinnbyggjarar/innbyggjarar og besøkande og auka næringsaktivitet er å ha ledig areal som er regulert til næring. Vi viser til notat om næringsareal som er lagt til grunn for høyringsdokumentet for KPAen.

Kommunen bør ha eit C-areal i nærleiken av Beitostølen, maksimalt 5 km frå sentrumskjernen og det bør ikkje vera mykje stigning til/frå arealet, frå sentrumskjernen. Plassering av C-næringsområde anna plass enn langs hovudveg krev mykje opprusting av veg og fører også til høg slitasje. Vel kommunen ei anna plassering flytt me trafikken over på andre vegar enn fylkesveg 51, dette føre til auka trafikkbelastning på vegar som ikkje er tenkt for det. Det vil også truleg bli ei auke i støy, i område som ikkje er planlagt for det.

Arealet Mørken ligg langs ein etablert hovudveg. Arealet er relativt flatt og vil krevje lite arealinngrep i forhold til mange andre områder. Arealet ligg 4 km unna sentrum på Beitostølen. Det er ikkje anna bebyggelse i umiddelbar nærleik til området. Det vil ikkje ta mykje plass i landskapsbilete frå andre stader. Dette alternativet vil gi mindre belastning på sidevegar og eksisterande veg (fylkesveg 51) er alt etablert for større mengde trafikk. Ein kan også reise innom næringsarealet til/frå Beitostølen. Området kan delvis skjermast frå hovudveg. Næringsarealet på Mørken ligg inne i eksisterande kommuneplan, området er eigne for næringsføremål og kommunedirektøren tilrår at dette området vert liggjande som næringsområde i komande arealplan.

Dei to næringsområda ved Olevegen er også eine for næring, men noko meir eksporert enn området ved Mørken. Høyringa har også vist at det er stor motstand mot etablering av næringsområdet ved Olevegen, og Statsforvaltaren har også bedt kommunen gjere ei ny vurdering av dette området. Kommunedirektøren vil legge vekt på at det vert lagd inn tilstrekkeleg areal til næringsføremål i arealdelen, slik at utvikling av eksisterande verksemder og etablering av nye verksemder ikkje vert hinda som følgje av manglande tilgang på næringsareal. Med ei utvikling av eksisterande næringsområde på Beitostølen og ved realisering av næringsområdet på Mørken er det kommunedirektøren si vurdering at det vil vera tilstrekkeleg tilgang på næringsareal i denne planperioden.

Tilråding:

Kommunedirektøren tilrår at vi tar innspela om å fjerne næringsareal langs Bygdinvegen på begge sidene av Olevegen til følgje. Avsett næringsareal ved Mørken vert vidareført og eksisterande næringsområde på Beitostølen vert utvida.

AKVA-Mørstad

370 (24/4459) Statens vegvesen

Område utan nokon form for infrastruktur. Vil kreve grundig prosess med reguleringsplan.

Vurdering:

I kapittel 2.3 i kommuneplanens arealdel står det «I område sett av til bebyggelse og anlegg, samferdselanlegg, sentrumsformål, næring og teknisk infrastruktur kan tiltak ikkje finne stad før området inngår i vedteken reguleringsplan, jf. PBL kapittel 12. Tiltak på andre område enn noverande byggeområde for bustader og fritidsbustader krev også reguleringsplan.» Eit nytt næringsområde vil ikkje bli utbygd før det ligg til grunn ein reguleringsplan som også tar for seg infrastruktur inn til område.

Tilråding:

Innspelet vert teke til orientering.

Næringsområde naturbaserte opplevingsverksemder- Sælstølen

333 (24/4222) Asgeir Larsen m.fl

Grunngjevinga for å legge areal til naturbaserte opplevingsverksemder til Sælstølen er knytt til at området er godt egna for turistføremål, og at det store delar av året ikkje vil vera konflikt mellom beiting og reindrift. Realiteten er at reinen kjem inn i området kring 1/11 og har den sårbare kalvingsperiode frå ca. 20/4 og ikkje forlèt områder før kring 1/6, då beiteperioden for husdyr tek over.

387 (24/4630) Øystre Slidre Bonde og småbrukarlag

Området F/T2 og P1 bør attendeførast til LNFR. Dette er grunngjeve med at auka turistverksemd gir utfordringar og større konfliktar mellom stølsdrift og beitebruk. Det er fleire besetningar med ammeku i området, og ammekyr med sterke morsinstinkt kan vera farlege. Sortering og slakteanlegg for rein ligg også i dette området.

Vurdering:

Kommunen ønska å legge til rette for utnytting av beiteressursar. Området ved Sælsstølen ligg som ein satellitt, med relativt lang avstand til andre utbyggingsområde. Etablering av eit besøkssenter e.l. her, vil skape grunnlag for auka konflikt mellom turistar og beitenæringa. Området F/T2 var ein del av kommunedelplanen for Gravfjellet. Omfanget av utbyggingsområdet i Gravfjellsområdet er betydeleg redusert i utkastet til revidert arealplan, og grunnlaget for F/T2 er difor endra. Kommunedirektøren tilrår at området F/T2 vert teke ut av arealplanen.

Tilråding:

Innspelet vert teke til følgje og området F/T2 vert teke ut av arealplanen.

Næringsområde Ygna

383 (24/4624) Hans Kristian Syversen

Nørre del ned mot Ygna inneheld raudlisteartar. Industriområdet må trekkast eit stykke vekk frå elva.

Vurdering:

Per 22.07.2024 er det ikkje registrert nokon raudlisteartar på artsdatabanken.no i område. Eit nytt næringsområde vil heller ikkje bli utbygd før det ligg til grunn ein reguleringsplan jf. Kommuneplanens arealdel kap. 2.3 som seier at; «I område sett av til bebyggelse og anlegg, samferdselanlegg, sentrumsformål, næring og teknisk infrastruktur kan tiltak ikkje finne stad

før området inngår i vedteken reguleringsplan, jf. PBL kapittel 12. Tiltak på andre område enn noverande byggeområde for bustader og fritidsbustader krev også reguleringsplan.». Raudlisteartar vil vera eit ta tema i ein reguleringsplanprosess.

Tilråding:

Innspelet vert teke til orientering.

Andre aktuelle næringsareal eller generelle vurderingar knytt til emnet

299 (24/2831) Isola skifer Rogne

Isola skifer er inne i ein lengre prosess knytt til driftskonsesjon. Denne har vore på høyring, og både NVE, Innlandet Fylkeskommune, Statsforvaltaren og kommunen har gitt høyringssvar der alle viser til manglande regulering av området. Isola skifer ser at ein reguleringsplan vil vera ønskeleg, og at denne er i samsvar med kommunen sin KPA, men signaliserer at det er naudsynt å utvide området. Noverande KPA grenser rundt fabrikkianlegget, men delar av vegstrekning ligg fleire stader utanom KPA. Denne vegstrekninga er viktig knytt til tilkomst til gruveanlegget, rømningsveg, varetransport, transport av anleggsmaskiner m.m

Vurdering:

Gravedrifta i Rogne er ei viktig verksemd for kommunen, med mange arbeidsplassar og lange tradisjonar for skiferdrift. Det er viktig at arealplan med etterfølgjande reguleringsplan set nødvendige og tilstrekkelege arealmessige rammer for drifta ved anlegget. Ein del av området som er ein nødvendig del av den daglege drifta ved anlegget, ligg utanfor området sett av til næringsføremål i eksisterande KPA, det er naudsynt å få detta inn i ny KPA. KPAen vil ligge til grunn for kommande reguleringsprosess for området.

Tilråding:

Innspelet vert teke til følgje.

311 (24/3642) Ove Andersen

Andersen fremmer innspel på to områder. Eit område som er under regulering, tidlegare område for motorsport og område for Camping. Området er på kring 97 da. Det er og eit område kalla område 2, som er godt eigna for utleigehytter med fin utsikt mot Øyangen og Slettefjell. Det er godt dimensjonert avløpsanlegg i området, laga i 2010. Godt med straum og gode tilhøve for parkering. Ingen av områda tek i bruk dyrka mark. Godt supplement til aktivitet på Beitostølen.

Vurdering:

Området 1 er i gjeldande arealplan og i utkast til revidert arealplan sett av til utbyggingsføremål.

Område 2 vart ikkje spelt inn i innspelsrunden og det er ikkje laga ein KU for området. Det blir derfor ikkje vurdert i høyringsprosessen til kommuneplanens arealdel.

Tilråding:

Innspelet vert teke til orientering.

324 (24/4126) Ragnhild Brækhus Steinde

Steinde viser til kartskisse om utviding av eksisterande næringsområde nedover mot Bamselitjern. Dette vil også gje plass til parkering og utviding av stadion, samt truckstopp for lastebilar.

Vurdering:

Område nedover mot Bamselitjern er utvida med formålet bebyggelse og anlegg. Dette kan også nyttast til næringsbygg.

Tilråding:

Innspelet er ivaretatt.

330 (24/4204) Gro Bergsund og Tormod Bakkene

Kjerrevegen næringsområde ligg framleis på kartet, både i gjeldande og i utkast til ny KPA. Dei vart 3/4-2020 varsla frå kommunen om at saken er avslutta. Dei krev at deira teig blir tatt ut av KPA, slik han burde vore i 2020.

Vurdering:

Saka om Kjerrevegen næringsområde vart som nemnt avslutta i formannskapet april 2020, og formannskapet vedtok å ikkje gå vidare med ein reguleringsplanprosess i området. Kartet vart ikkje oppdatert da, sida det ikkje blir det for enkeltsaker, og i arbeidet med ny KPA har det ikkje vert vurdert og derfor ligg det fortsett inne. Kommunedirektøren viser til vedtaket i formannskapet og rår til at dette arealet vert teke ut som næringsareal og tilbakeført til LNFR i revidert arealplan.

Tilråding:

Innspelet vert teke til følgje.

347 (24/4273) Fagerstad v Martin W. Røine

Innspelet for eigedomen GBNR 4/110, Øvrevegen 2. Eigedomen er i reguleringsplan B.153"Stølsleie forretningsområde" sett av til byggeområde for forretningsverksemd, bevertning, overnatting og fritidsleilegheiter for utleige. Dei ber om at gjeldande regulering vil gjelde etter rullering av KPA, og at tilkomst til GBNR 4/10 blir regulert inn i samsvar med gjeldande plan.

Vurdering:

Reguleringsplan B 15-3, Stølsleie forretningsområde vil fortsett vere gjeldande i ny KPA og innspelet er difor ivareteke i arealplanen.

Tilråding:

Innspelet vert teke til orientering.

354 (24/4312) Norway solar

Norway solar fremmer innspel om solcellepark på GBNR 3/4. Området er avsett til LNFR og bygg og anlegg-idrett i gjeldande KPA (kart). Planlagt solcelleanlegg vil ha minimal negativ nær -og fjernverknad og ikkje påverke nærmiljøet i særleg grad. Tiltaket er reversibelt og av den grunn berekraftig, då det lett kan fjernast. Anlegget er prosjektert med 2 solcelleparkar A og B. (Kart og bilete) Tiltaket vil, med bakgrunn i kjent kunnskap røre ved ei plante med nasjonal forvaltningsinteresse, men det er ikkje i konflikt med kulturminne , ha liten verknad m.o.t overvann, flaum og myr. Det er ikkje skredfare, og tiltaket vil bety minimalt for landbruksinteressene. Det er utarbeidd ei konsekvensanalyse. Tiltaket vil skape arbeidsplassar og bidra til ei berekraftig utvikling.

Vurdering:

Det er varsla retningslinjer for solcellepark frå Innlandet fylkeskommunen.

Kommunedirektøren vil tilrå at plassering av solcelleparker i kommunen vert vurdert etter at desse retningslinene er vedtekne. Plassering av ein solcellepark på den aktuelle eigedomen kan ha landskapsmessige uheldige verknader.

Tilråding:

Innspelet vert ikkje teke til følgje.

367 (24/4387) Direktoratet for mineralforvaltning

DMF saknar ei heilskapleg omtale av råstoffutvinning og ei vurdering av kommunen sitt behov for og tilgang til byggeråstoff. Kommunen har ikkje sett på kommunen sin tilgang på ressursar i eksisterande uttak i samanheng med planlagde utbyggingstiltak. Av dei eksisterande reguleringsplanar som skal vidareførast er det merknadar til 2:

Skrebergene sandtak: Delar av konsesjonsområdet er avsett til LNFR. DMF rår til at heile konsesjonsområdet blir avsett til råstoffutvinning.

Isola skifer Rogne. Område avsett til kombinert bustad og anleggspåremål og LNFR. DMF rår til at heile området der det skal skje uttak blir sett av til råstoffutvinning, og at ein tek i bruk omsynssonen H590 , for å ta omsyn til tiltak under grunnen ved planlegging på grunnen.

Vurdering:

Delane av konsesjonsområde til Skrebergene sandtak som er avsett til LNFR, vil kommunedirektøren rå til å bli avsett til råstoffutvinning. For Isola skifer Rogne vil kommunedirektøren også tilrå at heile området der det skal skje uttak til råstoffutvinning vert sett av til råstoffutvinning, og at vi tek i bruk omsynssonen H590, for å ta omsyn til tiltak under grunnen ved planlegging på grunnen.

Tilråding:


Innspelet vert teke til følgje.

378 (24/4557) Arves vaktmesterservice

Arves vaktmesterservice AS med rundt 22 årsverk treng næringsareal nær Beitostølen sentrum, helst ikkje meir enn kring ein kilometer i avstand, då dei fleste oppdraga deira har kort køyreavstand, og det kan vere naudsynt med opp til fleire turar mellom lager og kunde i løpet av ein dag. Forslag til næringsareal ved Olevegen/Mørken blir for langt. Trong for både varmt lager og kaldt lager på kring 200 kvm kvar, og kontorfasilitetar m.m på kring 200 kvm. Grei tilkomst og kring 30 parkeringsplassar. Dei passar truleg best inn i B-kategorien når det gjeld næringsareal. Dei mest nærliggande områda vil vere i området til eksisterande industri/næringsområde eller i området Ukshøvdevegen/Fivilvegen i området i nærleiken til eksisterande fjernvarmeanlegg.

Vurdering:

Vi viser til vurdering av næringsområdet ved Mørken og ved Olevegen. Vi har vurdert nærare moglegheitene for utviding og betre tilrettelegging av eksisterande næringsområdet på Beitostølen. Vi ser at det vil vera rom for ei noko utviding av dette næringsområdet i kombinasjon med ei forsiktig justering av plasseringa av skibru m.v. i området. Dette kan illustrerast med følgjande kart:



Ny trasé til skibru vist med svart/oransje linje.

Kommunedirektøren meiner det er uheldig å blande næringsområde inn i bustadområde ved Fivilvegen, og vil ikkje tilrå eit næringsområde ved Fivilvegen/Ukshøvdvegen ut over området for fjernvarmeanlegg som ligg framlegg til revidert arealplan.

Tilråding:

Innspelet vert teke delvis til følgje ved at eksisterande næringsområde på Beitostølen vert utvida i samsvar med kartet over.

385 (24/4627) Nils Ole Robøle og Kristin Fystro

Tidlegare KPA var ei ukritisk samling av alle initiativ og visjonar og har vore særskildt urealistisk med omsyn på gjennomføringsgrad. Vi ser fram til ein ny KPA som har trygg forankring og reduserer polarisering mellom ulike interessegrupper. Det står att mykje arbeid med denne KPA før vi har ein plan som dei fleste vil stå for. Det er viktig å vera prinsippfast og sørge for at alle blir handsama så likt som mogleg.

Beitebruksplanen er ein god plan og må vera integrert i KPA. Landbruksområde i område med mykje beiting og støling vil gjere det føreseieleg for områda i beitesesongen, også for kjøparar av eksisterande hytter om beitedyr i området, gje oversikt over moglege konflikhtar og eit tydeleg kart over kva område som må skjermast frå utbygging. Områda Kjøløane naturreservat, Gravfjellet, Raudalen og Kjølafjellet må fargast som omsynssone landbruk/beite.

GJERDING: Dette er ei stor utfordring for alle. Det må utarbeidast eit felles regelverk og krav til gjerding, areal, storleik, utforming og vedlikehald. Vurdering av områder med felles gjerde må utgreiast. Tiltak som skilting og prioritering av ressursar må styrast mot beitesonene. Fjellstafett og andre tiltak vil det vera klokt å legge utanom beitesonene. Det er ønskeleg å skjerme og skilje dyra frå området Murkhøvd/Yddebuegen. Langs etter Yddebuegen er det mange gjerde av varierende kvalitet. Nytt gjerde er planlagt som straumgjerde med ein tråd. Gjerdesituasjonen m.o.t H3 og H4 bør ha fokus i det vidare arbeidet.

UTBYGGING: Fortetting bør knytast til to prinsipp. 1. Tro mot stilen i området. 2. Gjer ferdig og fyll opp område som er starta opp før ein tek hol på nye. Kommunedelplan for Gravfjellet har tatt dette med i planlegging og vi håper dette prinsippet blir følgt framover. H1 bør vere utbygd før ein tek hol på H2. Dette vil og gjere situasjonen for utbyggjarane i H1 meir føreseieleg, og samstundes unngå for store massive naturinngrep. Straumgjerdet rundt H1 har vore eit bra tiltak og hatt ein klar konfliktdempande effekt. Nytt areal nedanfor må omfattast i dette. Robølsvegen må oppgraderast for å møte dei utfordringane og auka trafikk som kjem av dei planlagde utbyggingane.

Vurdering:

Følgjande tekst er lagt inn i føresegn og retningslinjer:

Gjerde: Oppføring av gjerde er eit søknadspliktig tiltak. Søkjar skal sende gjerdesøknaden på høyring til grunneigarsameige og beitelag. Kommunen skal sette vilkår om utforming, vedlikehald og tilsyn for å unngå skadar på bufe. Grinder skal slå utover. Oppføring av elektrisk gjerde er forbode.

Der det er naturleg i høve til avstand mellom tomter kan kommunen sette føresetnad om at det må gjerdast inn fleire tomter. Der det ikkje er aktuelt å gjerde inn fleire tomter samla, kan kommunen gje løyve til å gjerde inne inntil 500 m² rundt bygningar på einskildtomter.

For å redusere konfliktane mellom utbyggingsinteressene og dyrehold, skal det ved handsaming av reguleringsplan for eit område takast stilling til om det skal førast opp gjerder rundt kvart utbyggingsområde.

Omsynssone landbruk: Kjølaåne naturreservat er sikra bevart gjennom formålet Bandleggingssone med bandlegging etter naturvernlova. Føresegn og retningslinjer sikrar at det ikkje er tillate å setja i verk tiltak som er i strid med bandleggingsformålet. Dette vil ivareta området som beiteareal, og det er difor ikkje nødvendig å ha omsynssone landbruk i tillegg. Frå Gravfjellstølen rett forbi Raudangstølen er det lagt inn ei omsynssone for bevaring av kulturmiljø, og ei omsynssone for bevaring av naturmiljø og landskap. Føresegn og retningslinjer legg føringar for kva som ikkje er tillat innanfor desse områda. Desse omsynssonene er vidareført frå kommunedelplan for Gravfjellet. For omsynssone landbruk og omsynssone landskap er det dei same føringane for utforming av eksisterande fritidsbustader. Kommunedirektøren tilrår difor å halde fram med dei omsynssonene som er vidareført frå Gravfjellsplanen, men at omsynssone landskap på Gravfjellet endrast til omsynssone landbruk. Omsynssone landbruk skal bidra til at tiltak ikkje skal forringe eller føre til driftsulempar for landbruket.

Utbygging: Kommunedelplanen for Gravfjellet er endra/ redusert og innarbeidd i revidert arealplan. Det er ikkje sett noko rekkefølgjekrav til delområda utbygging av fritidsbustader verken i Gravfjellsområdet eller i andre utbyggingsområde i kommunen.

Tilråding:

Innspelet takast delvis til følgje ved at det vert lagd inn nye føresegner om gjerde og at det vert lagd inn ei omsynssone landbruk på Gravfjellet.

386 (24/4629) Anne Hanslien , Gudrun Sælid, Terje Hålmoen, Sigrid og Odd Bratvold, Ingvild Oldre Heggom, Gerd Bakkene, Ellen og Knut Ola Bakkene

Område for Beito Husky tours må finnast i nærleiken til kundane, og ein ber om at dette blir lokalisert til Størrtjednlie.

Vurdering:

Lokalisering av verksemda til Beito Husky tours vert vurdert i tilknytning til anna innspel.

Tilråding:

Innspelet vert teke til orientering.

419 (24/4672) Beito Husky tours

Lønnsam bedrift i Øystre Slidre med 5 arbeidsplassar som slit med å finne areal og tilgang til utfartsområde for kommersielle naturbaserte opplevingar. Utfordringane er spesielt store sommarstid der spesielt trilletter har vore vanskeleg. Situasjonen no med løypenekt ved Hedalsstølane viser at det er viktig med føreseielege rammer. Dei ber om at kommunen regulerer området ved Garli, som alt har mykje løyper og infrastruktur, til eit naturbasert aktivitets -og friluftsområde. Dei ber også om at ein i arbeidet med arealplanen sikrar utfartsområde på Valdresflya, som er viktig for dei i skuldresesongar, m.o.t parkerings- og startplass.

Vurdering:

Å sikre næringsareal for aktivitetsverksemdene i kommunen er viktig både for å legge grunnlaget for utvikling av desse verksemdene og for utvikling av kommunen som reisemål. Nørre Garli er og vil vera eit svært viktig område for utfart/aktivitet, og må sikrast for dette føremålet. Det er etter kommunedirektøren si vurdering området som har direkte tilknytning til parkeringsområdet på Garli, som er viktigast å sikra for utfart og aktivitet. Forslag til revidert arealplan legg til rette for det. Utfartsområde på Valdresflye kan nyttast til kommersiell hundekøyring eller andre former for aktivitetsturisme. Kommunestyret har lagt til grunn at denne aktiviteten også kan vidareførast ved eit ev. framtidig utvida vern av Jotunheimen nasjonalpark.

Tilråding:

Innspelet vert teke til følgje.

BUSTADER Klyppemyrhaugen

383 (24/4624) Hans Kristian Syversen

Ny skibru over Finntøppvegen til hovedtrase i grøn korridor er i forslaget til KPA tetta igjen med byggeområder på ei side og hytter på den ande. Er det fortetting å fjerne naturlege grønne belte mellom ulike område? Det er framleis mange ledige tomter i Klyppemyrhaugen og 3-4 tomter her har liten meining. Haugsynle kan utvidast med nokre tomter, men sørg for korridorar til skiløype og Va-leidningar. Elghaugen/Klyppemyrhaugen har vore vurdert tidlegare. Området har markert haug og djup myr. Lite areal som er byggbart utan svært omfattande inngrep.

Vurdering:

For ikkje å måtte etablere heilt nye bustadområde i tilknytning til Beitostølen, er det eit ønskje å utvide eksisterande bustadområde. Bustadomtene i område BB-2-1 og BB-7-3 blir ein utviding av Klyppemyrhaugen og har ei god lokalisering som bustadtomter. Detaljreguleringa vi avklare nærare kor mange tomte som området kan romme.

I påvente av ei forskrift mot utbygging av myr minskar vi område BB-2-1 for ikkje å koma i konflikt med myr. Av same grunn blir område for fritidsbustader minska til å ikkje gjelde på myr. Det vert også trekt litt tilbake frå traseen til skiløypa. Infrastruktur vil bli bestemt i ein reguleringsprosess.

Tilråding:

Innspelet vert delvis teke til følgje.

90-FH1

332 (24/4205) Lilleborgfunksjonærenes ferieklubb

Som grunneigar av dette området ønsker dei ikkje at dette blir gjennomført, men at området blir avsett til fritidsbustadar. Arealet har hytter på 3 sider og er ei naturleg forlenging av den hyttebygginga i Bjødnstølvegen og Størrtjednvegen. Dei ber også om at ein i komande KPA opnar for seksjonering av allereie regulerte FH1.

Vurdering:

Samla reserve for kommunale bustadtomter er god både sør og midt i kommunen. I Beitostølsområdet er reservane av kommunale bustadtomter mindre. Under arealstrategien i KPS heiter det at «*me skal til ein kvar tid ha ferdigregulerte bustad- og næringsområder, slik at det er enkelt for nye innbyggjarar og næringsdrivande å etablere seg*». Vi ser at mange i dag ønskjer å bu i nærleiken av Beitostølen, og realisering av målet til kommunen om auka tal gjestedøgn og deltidinnbyggjarar vil trekke i retning av ein auka busetnad på Beitostølen.

Som ein av strategiane for ikkje å måtte etablere heilt nye bustadområde i tilknytning til Beitostølen, ønskjer vi å utvide eksisterande bustadområde. Med sin nærheit til Klyppemyrhaugen og Beitostølen sentrum, vert detta område vurdert til å kunne vera godt eigna for bustadføre mål.

Tilråding:

Innspelet vert ikkje teke til følgje.

Bustadområde Heggenes

383 (24/4624) Hans Kristian Syversen

Løkiskogen og Heranglie bustadområde har gjennom reguleringsplanar fått si utstrekning. Omfang i forslag til ny KPA er det same som i den førre. Feil med omkamp no, 18 ledige tomter i Løkjiskogen og meir enn 30 i Heranglie tilseier at gule areal her må ut av planen. Veg til Heranglie er bygd, og vegline må ut av planen. Område markert for offentleg tenesteyting er truleg tiltenkt ny barnehage. Høgdeskilnad på 13 meter og ingen større flate gjer tomte ueigna til føremålet. Eksisterande tomt ved Tingvang er eit betre val.

361 (24/4370) Løkjisskogen vel

Positive til Heranglie, men 18 ledige tomter i Løkjisskogen og rundt 30 i Heranglie tilseier at det ikkje er naudsynt med nye gule område for framtidig utviding av Heranglie bustadfelt og dette må ut.

Vurdering:

Kommuneplanens arealdel er ein langsiktig plan som skal dekke bustadbehovet på lang sikt. Området for framtidig bustadbygging er i samsvar med gjeldande arealplan. Vi gjorde ikkje før utlegging av framlegg til ny arealplan ei særskilt vurdering av dette framtidige bustadområdet. Det har vi gjort no i samband med høyringa. Vi ser samde om at bustadreserva i Heggenesområdet er tilstrekkeleg utan det arealet som ligg inne som framtidig bustadareal i tilknytning til Heranglie bustadfelt, og tilrår at dette området vert teke ut av planen. Det vil også utvide området for nærfriluftsliv, noko som er ønskeleg både med bakgrunn i målet om å styrke Heggenes som kommunesenteret og arealbehov knytt til Raudbrøtmoen industrifelt.

Når det gjeld barnehagetomta er kommunedirektøren si vurdering at den blir liggande i tilknytning til Heranglie bustadfelt. Det er ei god lokalisering nær på bustadområdet og nært til Heggnes sentrum. Vi har vurdert tomteomfanget på nytt, og ser at tomta vil bli meir tenleg ved å inkludere næraste bustadtomt til barnhagetomte. Kommunedirektøren tilrår å gjere det.

Tilråding:

Innspelet vert teke til følge ved at område for framtidig bustader vert teke ut og endra til LNF, med omsynssone friluftsliv. Barnehagetomta vert utvida med tilgrensande bustadtomt.

Kølleberg**383 (24/4624) Hans Kristian Syversen**

Regulert trase for gangveg bør ikkje gå opp til fylkesveg 51 i grense mellom 10/1 og 17/20. Den bør leggest over 10/1 i direkte retning mot Lidar skule med tilknytning tilkomstveg ved skulen. Skuleelevar frå Kølleberg bør sleppe å gå langs FV51.

Vurdering:

Som gangveg mellom bustadområdet og Lidar skule, vil traseen som Syversen føreslår vera den beste. Men det er ikkje ønskeleg å laga ein gangveg over dyrka mark og som dele denne i to. Lengda gangvegen går langs med fylkesvegen vil bli veldig kort.

Tilråding:

Innspelet vert ikkje teke til følge.

Milobakkin**295 (24/2504) Arne Nysveen**

Bustadfelt Milobakkin er fjerna i planen, men ei tomt står att mellom 44/285 og 44/286 i eksisterande bustadområde. Det er ikkje mogleg å kople denne tomta til off. anlegg på lang tid, og eksisterande anlegg er dimensjonert for dei 7 tomtene. Denne tomta bør ut av planen.

Vurdering:

Område var avsett til bustadformål i gammal plan og vi ønskjer å leggja til rette for fortetting i eksisterande områder for bustader. For å ikkje måtte regulere eit område er det eit krav at tiltaket ligger innanfor eit område satt av til byggeformål.

Område er godt egna for å fortettast og det vil vera ein naturlig forstørrelse av bustadområde med tanke på framtidig utvikling når infrastrukturen er oppgradert.

Tilråding:

Innspelet vert ikkje teke til følge.

Rybø**301 (24/3037) Tom Rybø**

Det er eit ønske om å oppdretta 3 bustadtomter på eigendommen 20/13, etter interesse om kjøp av bustadtomt på eigendommen. Eigendommen ligg i infrastrukturene og det er planlagt etablering av VA og gangveg i 2024/2025. Det er et ønske om å ta i bruk eksisterande avkøyrsløp frå fylkesvegen som bustadene 2741, 2743 og 2745.

Vurdering:

Område er godt egna for fleire bustader når VA blir oppdatert, og det bør leggest inn krav om tilkopling til VA-anlegg før det godkjennast bygging. Innkøyrsla er ikkje gunstig i forhold til

dagens standard og det bør vera eit rekkefølgerkrav ved regulering at innkøyrsla må utbetrast før området kan byggjast ut.

Tilråding:

Innspelet vert teke til følge, og lagd inn i kartet som framtidig bustadområde.

Skammestein

383 (24/4624) Hans Kristian Syversen

Etablering av ny skule har ikkje gitt den utviklinga i området ein håpa på. Det kunne gje området eit løft om ein fekk etablert gangveg frå Kølleberg til skulen. Det er i innspelet vist til detaljerte forslag til korleis nær- kommunikasjon kunne betrast med ein ny lokalveg og andre gangvegar. Grepet med å ta bustadområdet ved Øvre Hedalen ut av KPA er eit skritt attende for Skammestein.

Vurdering:

Det er i kartet til ny KPA etablert ein gangveg frå Kølleberg til skulen. Bustadområde ved Øvre Hedalen er teke ut etter ynskje frå grunneigar, som vi imøtekjem.

Tilråding:

Innspelet vert ikkje teke til følge.

GBNR 36/111 i Volbu

349 (24/4276) Eli A Østengen

Østengen ber om at GBNR 36/111 utskilt som bustadomt til kårustad for 20 år sidan, som vart tatt ut av planen under revideringa i 2017 grunna for bratt tilkomst, blir lagt inn i planen på ny. Kommunen gjorde en feil under sakshandsaminga då tomta vart godkjent utan godkjent tilkomst. Det er fremma ein sak i jordskifteretten om tilkomst via eksisterande veg til 37/51. Denne ligg no til ankehandsaming i Lagmannsretten i påvente av ny KPA.

Vurdering:

Gardskartet til NIBIO viser at over halvparten av tomta er fulldyrka jord. Så langt som råd er skal vi unngå å byggja ned desse areala jf. Tydelege nasjonale retningsliner og Statsforvaltaren i Innlandet sine tilbakemeldingar i planforum for Øystre Slidre i samband med KPA.

Tilråding:

Innspelet vert ikkje teke til følge.

HYTTE OG FRITIDSBUSTADER Generelle vurderingar/innspelet knytt til emnet

317 (24/4068) Odd Erik Haugen

Innspelet om bygging av skibru over fylkesvegen ved Helsesportssenteret ein stad og fram til løypenettet mot Javnin. Lågterskelløype utan dei bratte bakkane som elles gjeld dei andre løypene ut av sentrum.

Vurdering:

Dei raude skiløypene i kartet til KPA er framtidige skiløyper, der er det lagt inn ein skiløype over fylkesvegen rett nord for Helsesportsenteret som er planlagt frem til løypenett mot Javnin utan dei bratte bakkande som er i dag.

Tilråding:

Innspelet er i samsvar med høyringsdokumentet og er teken til følgje.

339 (24/4236) Besteforeldrense Klimaaksjon v Bodvar Sonstad

Av omsyn til livssituasjonen i nær framtid for våre barn må det bli slutt på å drenere og bygge ned myrer for å få plassert hyttefelt, bustadtomter, næringsområde og vegar. Myr er ei naturtype som må takst vare på som eit spesielt viktig lager for karbon.

Vurdering:

Stortinget har bedt regjeringa leggja fram eit forbod mot nedbygging av myr til utbyggingsføremål innan utgangen av 2023, så det er sannsynleg å rekna med at ei slik forskrift snart trer i kraft.

På bakgrunn av dette har vi teke ut myrreal vi har tilgjengeleg i AR50-datasettet som vi har få beskjed frå Statsforvaltaren om å bruke. I tillegg vil vi skjerpe inn ordlyden når det gjeld myr til følgjande:

Omdisponering og nedbygging av karbonrike areal, inkludert myr og andre typar våtmark og høgbonitetskog, skal så langt som råd unngås, slik at ein held ved lag evna areala har til lagring og opptak av karbon. Dersom det blir gjort tiltak i myr, skal det gjennomførast kompensierende tiltak.

Tilråding:

Innspelet vert teke til følgje.

343 (24/4260) Beitostølen hytteforening

Hytteforeninga har i eit langt høyringsinnspel summert opp dei viktigaste punkta slik:

1. Det blir framleis lagt opp til svært omfattande hyttebygging i kommunen, i all hovudsak vert planer frå dei førre planane vidareført. Dette gir eit omfang som gjer det mogleg å gå langt over målet om 1 % årleg auke i talet på fritidsinnbuarar, og er i utakt med nasjonale styringssignal.
2. Fortetting er ein hovudstrategi, men større utviding i heilt urørd natur kan ikkje omfattast av omgrepet fortetting, og er ikkje i tråd med definisjonen av fortetting gitt av kommunal- og distriktsdepartementet. Utvidinga av sentrumsområda på Beitostølen har potensielt store konsekvensar og det må til ein eigen KU for dette.
3. KU i siste reviderte plan var mangelfull, også fordi kunnskapsgrunnlaget i ettertid syner seg for dårleg. Ein syner til Luskeråsen. Det er naudsynt å få utført naturkartlegging og gjennomføre ein KU i samsvar med forskrift om dette (§27) . Det er klare forventningar om at planarbeidet blir oppdatert i samsvar med nyare nasjonale og regionale føringar knytt til naturmangfald, klima, jordvern m.m
4. Utfordringane med VA er bagatellisert i planen, og dette skulle i langt større grad vore avklart før plan blir vedtatt. Dette gjeld spesielt Beitostølen.
5. Plankartet er så komplisert at det er krevjande for dei aller fleste å få innsikt. Føresegn og retningsliner manglar tydelegheit og presisjon. Samanblanding av retningsliner og føresegn, kun med endra skriftform er særst utydeleg, svekker publikum sin moglegheit til naudsynt innsikt og vil vera eit demokratisk problem.
6. Bruk av nemninga sone 910. Reguleringsplanar som framleis skal gjelde er ikkje i samsvar med lovkravet i PBL § 11-8, der kommunen er pålagt å vurdere om desse planane er i samsvar med nasjonale og regionale interesser. HØSK syner spesielt til den oppheva planen for Aasgarden 3.

7. Arealplanen syner omfattande nedbygging av myr. Forbod mot nedbygging av myr er under arbeid, og det kjem truleg eit slikt forbod. Dette må kommunen ta omsyn til, og all utbygging i slike område i planen må takast ut.

Vurdering:

Innspelet inneheld synspunkt om utvikling av omfang og lokalisering av vidare fritidsbustadutbygging på Beitostølen, men ikkje konkrete forslag til endring av plankart eller føresegner og retningslinjer. Vi tek innspelet til orientering. Omtalen av myr til bli skjerpa, og vi vil ta ut område som inneheld myr, jf. Vurderinga av innspelet frå Statsforvaltaren. KUen vil bli forbetra der nye utbyggingsområde vert lagt inn i planen. I dokumentet føresegner og retningslinjer vil tekst som er føresegner bli meir samla, slik at dette blir lettare lesbart. Sone 910 vil bli endra i samsvar med vurderinga som er gjort under innspelet frå Statsforvaltaren.

Tilråding:

Innspelet vert teke til orientering.

344 (24/4264) Jon E. Heesch

Det er naudsynt med nokre innstrammingar og presiseringar i planen :

1. Bygg på 5 etasjar skal berre lokaliserast i sentrumskjernen og noverande reglar for mønehøgde skal gjelde.
2. Nye byggeområde skal ikkje leggjast på LNF eller over sårbar natur.
3. Målet om dubling av tal gjestedøgn må konsekvensutgreiast.
4. Inna sentrumskjernen må det bli auka krav til varme senger, og det må bli strengare krav til belysning ute.
5. Solcelleanlegg og vassboren varme må vurderast pålagt.

Vurdering:

Innspelet inneheld ikkje konkrete forslag til endring av plankart eller føresegner og retningslinjer, men meir generelle synspunkt om arealplanen som me tek til orientering. Fleire av forslaga i innspelet ligg i utkast til ny arealplan.

Tilråding:

Innspelet vert teke til orientering.

371 (24/4462) Per Morten Sandset

Eigar av Ukshøvdvegen 5, GBNR 5/36 og GBNR 5/52 i området BB-48-24. Området danner ei naturleg eining for etablerte fritidsbustadar i dette området. I førre kommuneplan var det innført restriksjonar som hindrar utvikling av desse to eigedomane. Forslag om at planen vidarefører øvre delen av området som fritidsbustader, subsidiært at restriksjonane som er innført på desse eigedomane blir fjerna.

Vurdering:

Samla reserve for kommunale bustadtomter er god både sør og midt i kommunen. I Beitostølsområdet er reservane av kommunale bustadtomter mindre. Under arealstrategien i KPS heiter det at «*me skal til ein kvar tid ha ferdigregulerte bustad- og næringsområder, slik at det er enkelt for nye innbyggjarar og næringsdrivande å etablere seg*». Vi ser at mange i dag ønskjer å bu i nærleiken av Beitostølen, og realisering av målet til kommunen om auka tal gjestedøgn og deltidsinnbyggjarar vil trekke i retning av ein auka busetnad på Beitostølen.

Som ein av strategiane for ikkje å måtte etablere heilt nye bustadområde i tilknytning til Beitostølen, ønskjer vi å utvide eksisterande bustadområde. Med sin nærleik til Stølsle I, II

og III vert dette område vurdert til å vera svært godt egna til bustadformål. Desse tomtene er også i gjeldande kommunedelplan sett av til framtidig bustadområde.

Tilråding:

Innspelet vert ikkje teke til følgje.

392 (24/4635) Kjetil Bjørklund

Innspelet gjeld eigedomen 44/119 der det etter planen er lagt inn ny tilkomst. Deler av denne er lagt på myr, og det er generelt ikkje ønske om ny veg. Skiløypetrase går over eigedomen over myr. Dette har vore eit prøveprosjekt etter avtale med løypelaget, og skulle evaluerast. Det har ikkje skjedd, og det er ikkje ønske om permanent skiløype der, og dette må ut av planforslaget før slutthandsaming.

Vurdering:

Vegen til eigedomen ligg inne i eksisterande arealplan. Det er ikkje noko grunn til å ha tilkomst til eigedom 44/119 der ny veg er tenkt da eigedomen allereie har sikra tilkomst.

For å sikra skiløyper vidare sørover mot Rabalsmellen er dei nøyd å krysse over brua rett ved eigedomen. I så måte er det beste alternative at skiløypa går der den er teikna inn i kartet.

Tilråding:

Veg: Innspelet vert teke til følgje.

Skiløype: Innspelet vert ikkje teke til følgje.

413 (24/4664) Ernst Løksa og Elisabeth Bakker

Komplisert å finne ut av kart. Generelt bør ein plan ikkje vera sterkt kritisert. Utkast til plan har så mange kontroversielle punkt at det må mange og større utgreiingar til. Det er tatt alt for lite omsyn til dei fastbuande. Nedbygging med konsekvensar for nærnatur, villtrekk, jaktområde og stølsdrift. Mange kjenner på at dei er mindre verdt enn utbyggjarar. RV 51 er sterkt trafikkert, og det bør på plass gang og sykkelveg frå Rogne og til Beitostølen. Sjølv om dette ikkje er kommunen sitt ansvar må dette vere avklart før massiv utbygging kan godkjennast. Argumentet om arbeidsplassar er tvilsamt.

Vurdering:

Innspelet inneheld ikkje konkrete forslag til endring av plankart eller føresegner og retningslinjer, men meir generelle synspunkt om arealplanen som me tek til orientering.

Tilråding:

Innspelet vert teke til orientering.

416 (24/4668) Tonje Cecile Tveten Lund

Det bør gjennomførast utredning av naturtypar med kartlegging av arter i alle område som vert regulert til bygging. Kapasitet på VA er bagatellisert i planen og plankartet er vanskeleg å finne ut av.

Vurdering:

Innspelet inneheld ikkje konkrete forslag til endring av plankart eller føresegner og retningslinjer, men meir generelle synspunkt om arealplanen som me tek til orientering.

Tilråding:

Innspelet vert teke til orientering.

427 (24/4869 Harald Rønneberg

Rønneberg eig eigedomane GBNR 43/21 og 44/50. KPA legg opp til sambruk og ny stikkveg frå deira veg ned til hytta på nabotomta. Veg til nabo blir ikkje brøytt, og det er ikkje behov for dette, og dei ber om at dette blir tatt ut av planen før slutthandsaming. Det er og lagt inn forslag om permanent skiløype over eigedomane hans, noko som ikkje er ønskeleg. Han ber om at dette blir tatt ut av planforslaget.

Vurdering:

Vegen til eigedomen ligg inne i eksisterande arealplan. Det er ikkje noko grunn til å ha tilkomst til eigedom 44/119 der ny veg er tenkt da eigedomen allereie har sikra tilkomst.

For å sikra skiløyper vidare sørover mot Rabalsmellen er dei nøyd å krysse over brua rett ved eigedomen. I så måte er det beste alternative at skiløypa går der den er teikna inn i kartet.

Tilråding:

Veg: Innspelet vert teke til følgje.

Skiløype: Innspelet vert ikkje teke til følgje.

Luskeråsen

355 (24/4316) Luskeråsen Velforening v Jan Georg Vedeler

Luskeråsen vel engasjerte i 2023 Naturrestaurering AS til å utgreie naturtyper på Luskeråsen i samband med varsla oppstart av detaljregulering i samsvar med eksisterende KPA. Det vart gjort fleire funn og varsla om at arealet med naturskogar var langt større enn venta og store raudlista førekomstar av nasjonal verdi. I arbeidet med KPA tok kommunen ut desse områda i planen. Rapporten som er laga indikerer at det er svært sannsynleg at dette gjeld for langt større område, og omfattar areal som i utkast til KPA er avsett til framtidig hyttebygging. KU frå siste rullering av KPA bygger på feil kunnskapsgrunnlag, og det er no fare for at dette blir vidareført om ein ikkje gjennomfører nye undersøkingar. Dette bør ei gjere før endeleg vedtak av ny KPA. Luskeråsen velforeininga gjer framlegg om fleire endringar.

1. All naturskog i Luskeråsen tas ut av KPA.
2. Avsett område til hytter inne i naturskogen tas ut
3. Det blir etablert buffersoner mot naturskogane.

I tillegg ønsker dei at det blir gjort ei viltkartlegging av området i og rundt den store myra på Luskeråsen. Vidare rår dei til at den nordlege delen av Hestekampen der det er avsett store område til framtidig hyttebygging, må kartleggast med omsyn på naturtypar, då det er god grunn til å tru at desse områda har tilsvarande kvalitetar som dei som nå er undersøkt.

359 (24/4316) Luskeråsen Vel


Luskeråsen vel har merknadar til dei vurderingane som ligg til grunn i KPA når det gjeld areal ein framleis har med som låg i den tidlegare KDP for området. Dei har levert omfattande rapportar om naturkvalitetane i området, der det blir vist til at områda som i KPA er lagt ut til fritidsbygg har ei lang rekke med verdifulle område av gamalskog og raudlista arter, som er svært skjeldne nasjonalt og det finnes få, om nokon, kjente fjellgranskogar med like store naturverdiar i Valdresregionen. Alle typar inngrep, enten det er hogst eller arealinngrep innanfor eller helt inntil skogområda med svært høy kvalitet vil vere negativt for naturverdiane. Dette vert støtta av ny rapport frå Biofokus. Manglande kunnskapsgrunnlag i KU ved sist KPA, og ein legg no til grunn i rulleringa å halde fram med planføremålet utan ny konsekvensutgreiing.

Avsett område til hyttebygging må ut. Det må vere buffersoner som LNFR mot naturskogane. Stor myr syd på Luskeråsen må viltkartleggast og konsekvensutgreiast. Ta vare på naturverdiar av nasjonal verdi på Hestekampen og Jødmannskampen. Om det ikkje er mogleg å få gjennomført kartlegging før vedtak av KPA, må alt reguleringsplanarbeid i områda Bjødnahelet-Luskeråsen og Hestekampen leggst på is til ein har eit langt betre kunnskapsgrunnlag. Kart ligg som vedlegg.

Vurdering:

Byggeområde for framtidig fritidsbustadbygging har blitt reduserte som følgjer av omsyn til natur og raudlista artar funnet i dei biologiske kartleggingane til Naturrestaurering og Biofokus. I vurderinga er dei raudlista og trua artane, og myr vektlagt. HL-11-4 er sterkt redusert frå 57 daa til 11 daa, og byggeområdet på 188 daa vest for Flytupptjernet er teke ut i sin heilskap. Samtidig ligg byggeområde (HL-11-4) inne. Dette ligg i samband med dei noverande byggeområde, og godt eigna til fortetting og utviding med einskilde hyttetomter.

Det kan koma ny informasjon knytt til naturkartlegging som vert gjort i området, og kommunedirektøren vil ta omsyn til eventuell ny informasjon i revidert planframlegg ved andre gongs høyring.



Tilråding:

Innspelet vert delvis teke til følgje.

Dalestølen

383 (24/4624) Hans Kristian Syversen

Reguleringsplan for Dalestølen er i spel då det ligg føre plan for utbygging. Denne lunga bør bli freda som grøn.

Vurdering:

Vi viser til referat frå møtet i planforum, der det går fram at forslaget om å nytte området ved Dalestølen til utbyggingsføre mål vert reversert.

Tilråding:

Innspelet vert teke til følgje, jf. Referat frå møtet i planforum.

100 S-Veslestøl

316 (24/4046) Liv Daleng

Eig GBNR 26/63 Veslestølen 40, sefrakbygg. Nytt sæl på festetomt GBNR 26/3/12. Ønsker at LNF-føremålet som ligg i KDP Gravfjellet blir vidareført. Ut frå kartet meiner ho at delar av stølen ikkje blir ein del av LNF, og ynskjer at heile stølen og det nye sælet på festetomt får same arealføremålet. Ynskjer sekundært eit større areal LNF, subsidiært at ein nyttar omsynssone.

Vurdering:

Kommunedirektøren tilrår å utvide LNF-område til å omfamne heile eigendommen og det nye sæle på festetomta så dei får det same arealføremålet.

Tilråding:

Innspelet vert teke til følgje.

GRENSER, RETNINGSLINER OG FØRESEGNER GENERELT

346 (24/4270) Hege Hallset

Det bør utarbeidast ein detaljert og gjennomførbar offentleg reguleringsplan som sikrar eit framtidig tur- og løypenett gjennom sentrum av Beitostølen med god breidde og byggegrense. Ideelt bør denne planen vore vedtatt før andre utbyggingsområde blir bestemt. Kommunen bør også ta ein meir aktiv rolle med vedtekne rammer for det enkelte felt, som arealbruk, parkeringskrav, byggegrenser, høgder, fasadeuttrykk m.m. Dette vil gje klare retningslinjer for private aktørar og gjere alt meir føreseieleg for alle aktørar. Utbyggingsgrensa bør leggest så langt ned mot eksisterande bygde område som mogleg, slik at det er enkelt og greitt å koma raskt til fjells. Midlertidig massedeponi må løysast betre enn i dag, og med krav om at området blir tilbakeført som naturområde.

Vurdering:

Innspelet er i stor grad teke omsyn til i utkast til revidert KPA. Det inneheld ikkje konkrete forslag til endringar av føresegner, retningslinjer eller plankart.

Tilråding:

Innspelet vert teke til orientering.

362 (24/4371) Kolstad, Melby og Liekren sameige og Juviksameiga

Pkt 10.1 som gjeld sikringssoner kring vatna Ole, Sørre Vindin og Mellseinn. Uroa er knytt til fleire av de 13 punkta til slutt i dette kapittelet. Desse 13 punkt bør takast ut då det går fram i

konsesjonssøknaden at " med dei aktivitetane som er i området i dag er risikoen for forureining av Mellsenn svært låg". Formuleringane i vassforskrifta vil verne vasskjelda slik dei står, utan dei 13 punkta. Detaljerte forbod kan bli brukt uheldig og meir restriktivt enn naudsynt knytt til vegar, nydyrking, masseutskifting, dyrehald etc. Dei er ikkje kjende med at det har vore utfordringar med Olevatn utan at grunneigarane der har hatt tilsvarande restriksjonar.

Vurdering:

Innspelet inneheld ikkje konkrete forslag til endring av plankart eller føresegner og retningslinjer, men meir generelle synspunkt om arealplanen som me tek til orientering. Vi er i gang med å gjennomføre ei farekartlegging av nedbørfelta til drikkevasskjeldene i kommunen, og resultat frå denne vil kunne få følgjer for føresegner og retningslinjer knytt til drikkevasskjeldene.

Tilråding:

Innspelet vert teke til orientering.

369 (24/4388) NVE

Merknad om punkt om spreidd bustadbygging - ein kan ikkje skyve avklaring av reell naturfare til byggesaka ved å sette vilkår om slik avklaring for å innvilge søknad. NVE rår kommunen til å slå saman pkt 12.1 og 12.2 - skredfare då det er uklart kva som er grunnen til at ein operer med to punkt. For å unngå erosjon bør avstand til vassdrag vera minimum 20 meter, og ein rår til å auke lengda på byggeforbodssoona. 10 meter er særskilt kort. NVE gir eit sterkt signal om at det er ynskjeleg å utvide byggegrense til vassdrag, gjerne med differensiering , t.d. 50-100 meter langs større vassdrag og 20 meter frå bekk. Nedbørsfelt for dei verna vassdraga i kommunen, Etna og Sjoa, er verna gjennom etablering av utbyggingsgrense, men NVE saknar ei vurdering av verknaden av planframlegget for verneinteressa og dei rikspolitiske retningslinjene. Det er eit sterkt fagleg råd at det ansvaret kommunen har for å ivareta vassdragsvernet og verneføremålet blir vurdert og innarbeidd i kommuneplanen sin arealdel før vedtak. Dei mange regulerte vassdrag i Øystre Slidre er i digitalt kart markert som "energi_vasskraftflate". Anlegg for produksjon av energi bør regulerast til arealføremålet "Bebyggelse og anlegg" , og reguleringsmagasin med omsynssone bandlagt etter vassdragslova med føremål "reguleringsmagasin". Det går ikkje fram av planframlegget at kommunen har gjort vurderingar av eventuell fare knytt til overvatn i nokon del av kommunen. Ved å nytte kunnskapsgrunnlaget ein har bør kommunen vurdere å sette krav om lokal drying av vatn i nye byggeområde. Føresegna 1.3 kan stå fram som uklar, og NVE rår kommunen til å sjå på dette slik at det ikkje blir blanda saman med føresegn 12.3 (Omsynssone flaumfare).

Vurdering:

Vi viser til referat frå møtet i planforum. Innspelet frå NVE vert i stor grad teken til følge.

Tilråding:

Innspelet vert teke til følge. Kommunedirektøren tilrår å legge inn nye føresegn om byggjegranser mot vassdrag:

"1.2 Restriksjonar ved vassdrag og vegetasjonsbelte i strandsona

Heimel: PBL §11-9 nr 5, jamfør §1-8 og §11-11, nr 5.

Vassdrag er definert jr. vassresursloven § 2. Alt stilleståande eller rennande overflatevatn med årsikker vassføring, med tilhøyrande botn og breidde inntil høgaste vanlege flaumavstand reknast som vassdrag.

*Inngrep i vegetasjonsbeltet nærare enn **10 meter er forbode**. Det kan gjennom skjøtsel etablerast opningar i vegetasjonen for å sikre tilgang til vassdraget. Det er ikkje tillat med inngrep eller tiltak som redusera vatnet sin kvalitet, verdi, naturmangfald og friluftsliv.*

Vassdrag og myrer skal oppretthaldast i sin naturlege form og sikrast med kantvegetasjon. Bekkar skal haldast opne, lukking av bekkar kan kunn skje ved søknad der det heilt naudsynt.

- a) *Langs drikkevasskjelder og elver/bekkar med direkte utløp til drikkevattn Olevatn, Sørre Vindin og Mellsenn, er byggegrensa 100 meter. Byggegrensa er vist som sikringssone 110 – nedslagsfelt drikkevattn i plankartet.*
- b) *Der det ikkje følger anna av reguleringsplan er byggegrense for større vassdrag som vatn, tjern og bekkar 50 meter. For mindre vassdrag er avstanden 30 meter. Større vassdrag er definert som vatn større enn 500 m² og bekkar/elver med direkte innløp eller utløp mellom vatn. Avstand til byggegrense blir målt frå vasskant ved gjennomsnittleg flaumvasstand.*
- c) *Byggegrensa gjeld for tiltak nemnt i plan- og bygningslova § 20-1 bokstav a, d, j, k, l og m.*

Unntak frå byggegrense.

- a) *Driftsbygningar i landbruket som er naudsynt for drift, kommunaltekniske bygg og VAanlegg under bakken.*
- b) *Tiltak på bebygd eigedom innanfor byggeområde eller LNFR-areal for spreidd bustad., fritids-, eller næringsbygg m.m markert med byggeområde. Tiltaket skal ikkje plasserast nærmare vassdraget enn eksisterande bygningar og ikkje nærmare enn 10 meter.*
- c) *Område som er regulert ved reguleringsplan.*

Tiltak skal plasserast på ein slik måte at fri ferdsel langs vassdrag ikkje blir hindra. Tiltaket skal heller ikkje bidra til at arealet langs vassdraget blir opplevd som meir privatisert. Nybygg og tilbygg kan elles skje i samsvar med føresegnene for aktuelt område og teknisk forskrift.”

386 (24/4629) Anne Hanslien

Ta utgangspunkt i Stølsprosjektartet frå 2002 for å definere omsynssoner/buffersoner mellom stølsområda og reiseliv, og i dialog med landbruksnæringa.

Vurdering:

Innspelet inneheld ikkje konkrete forslag til endring av plankart eller føresegner og retningslinjer, men meir generelle synspunkt om arealplanen som me tek til orientering.

I fjellområda ligg det fleire omsynssoner (landbruk, kulturmiljø, naturmiljø m.m.). Desse er lagt inn for å verne om dei ressursane som er der i form av beiteressursar, naturkvalitetar, bygningsmiljø m.v.. Områda som er lagt inn er vidareført frå eksisterande arealplanar, i tillegg til at det er lagt inn ei utvida omsynssone i område Ole/Hedalsstølane i forhold til det som låg inne i gjeldande plan. Verneområde/naturreservat er lagt inn med bandleggingssoner. I ein gjennomgang av kartet til stølsprosjekt er alle stølsområde lagt inn med ein form for omsynssone i kommuneplanens arealdel (omsynssone landbruk, kulturmiljø, naturmiljø).

Gjennom stølsprosjektet vart det også etablert “Stølsreservat” som vart lagt inn i

Gravfjellsplanen, med formål som tilleggsnæring for landbruket. "Stølsreservata" Sørre Veslestølen, Yddebu og Gamasama er vidareført frå eksisterande plan. Innanfor stølsreservata skal følgjande framleis gjelde:

- *S-områda inneheld fleire automatisk freda kulturminne, og bygningsmiljøet er del av nyare tids kulturminne. Innlandet fylkeskommune skal ha alle byggesaker og søknader om terrengendring etc. til høyring før vedtak vert fatta.*
- *S-områda er i varierende grad underlagt ulike omsynssoner, der det kan vera gjeve andre føresegner for arealbruken i tillegg til dei som her er oppført.*
- *Det er ikkje høve til frådeling av bebyggd eller ubebyggd areal innanfor S-områda.*

Gjennom revisjonen av beitebruksplanen vil administrasjonen i samråd med beitebrukarane i område Hedalsstølane sjå på om den omsynssona som ligg inne i forslaget til kommuneplanens arealdel skal justerast.

Tilråding:

Innspelet vert teke til orientering.

401 (24/4647) Myhre Gard

Sikringszone rundt Olevatn vil gje betydelege utfordringar for drifta deira på Olestølen, der dei har gjort store investeringar dei siste åra.

Vurdering:

Innspelet inneheld ikkje konkrete forslag til endring av plankart eller føresegner og retningslinjer, men meir generelle synspunkt om arealplanen som me tek til orientering. Vi er i gang med å gjennomføre ei farekartlegging av nedbørfelta til drikkevasskjeldene i kommunen, og resultat frå denne vil kunne få følgjer for føresegner og retningslinjer knytt til drikkevasskjeldene.

Tilråding:

Innspelet vert teke til orientering.

408 (24/4659) Thomas og Katrin Aslagsby

Måla frå samfunnsdelen og vekst i tal innbyggjarar og gjestedøgn som argument for vidare utbygging vil gje "Mindre naturglede". Forslaget til KPA er ikkje i tråd med nasjonale planretningslinjer for klima -og energiplanlegging og klimatilpassing. Forslag til KPA viser ingen vilje til endring, då det samla er sett av 13694 daa til utbyggingsføre mål.

Landbruksnæringa må inn som eit eige arealføre mål. Nye tilkoplingar til fritidsbustadar på Beitostølen må ikkje godkjennast før det ligg føre tilstrekkeleg vassforsyning og kloakkrensing. Konesjonsvilkår for Olevatnet må ta omsyn til at det er nok vatn i Oleåne til yngling, også i tørkesomrar.

Det må etablerast buffersone /omsynssone kring alle stølslag, beite og dyrkingsområde. Utbyggingsgrense må ned til eksisterande bygde område.

Vurdering:

Innspelet inneheld ikkje konkrete forslag til endring av plankart eller føresegner og retningslinjer, men meir generelle synspunkt om arealplanen som me tek til orientering.

Tilråding:

Innspelet vert teke til orientering.

425 (24/4822) Fylkeskommunen

Føresegn 4.9.1 må endrast slik at det er i tråd med kommunen sine mål og behov for C-areal slik det kjem fram frå planen. Fylkeskommunen ber om at merkinga av byggegrenser blir fjerna frå plankartet. Nye vegliner skal sjåast på som ikkje-bindande illustrasjonar og må endeleg avklarast.

Vurdering:

Vi endrar på dei punkta som fylkeskommunen foreslår i sitt innspel.

Tilråding:

Innspelet vert teke til følgje.

295 (24/2504) Arne Nysveen

Punkt 4.2.2 gir krav om "digital" måling av eigedomar. Dette bør heite "Krav til å halde oppmålingsforretning over eigedomsgrensene"- med heimel i PBL.

Vurdering:

Krav til å halde oppmålingsforretning over eigedomsgrensene blir meir riktig og enklare å forstå enn digital måling av eigedomar.

Tilråding:

Innspelet vert teke til følgje.

Bruksendring

394/393 (24/4636) og (24/4637) Bente Oxhovd, Tor Oxhovd og Torgeir Svalesen

Føresegner for fast busetting på fritidseigedomar bør endrast til same ordlyd som gjeld for reguleringsplan for Liahaugstølen: Alle bueiningar innafor planområdet kan nyttast som fast bustad. Dette er ei god løysing som kan nyttast på store deler av Beitostølen, og dei gjer framlegg om at planføresegn pkt.4.4 får eit nytt kulepunkt: Alle bueiningar innan sentrumsområdet kan nyttast som bustad. Noko tilsvarande kan gjerast gjeldande for Markahøvda, Stakkstøllie og i Beitobygda.

425 (24/4822) Fylkeskommunen

Fylkeskommunen kan ikkje sjå at kommunen har vurdert ulempene det kan medføre m.o.t skuleskyss og andre offentlege tenester, og i kva grad dette strir i mot statlege planretningslinjer «bustad- areal- og transportplanlegging». Om dette skjer i stor utstrekning kan det føre til meir bruk av bil. Trygg skuleveg og tilrettelegging for utrykkingskøyretøy må inn som eit av krava i pkt. 3 Bruksendring i stor skala kan svekke hovudintensjonen i planen.

Vurdering:

Kommunedirektøren tilrår å halde fast ved retningslinjer for omdisponering frå fritidsbustad til bustad som ligg i høyringsdokumentet, med ei presisering om trygg skuleveg og tilkomst for utrykkingskøyretøy.

Tilråding:

Innspelet frå fylkeskommunen om trygg skuleveg og tilkomst tfor utrykkingskjøretøy vert teke til følgje.

BYA hytter

312 (24/3657) Håvard Dalbø

Kommunen må sjå på føresegner rundt arealbruk på hytter med auka utnyttingsgrad, og føresegner rundt fleire einingar på same tomt, som hytte, anneks, uthus og garasje.

Vurdering:

Det har historisk vore vanleg med anneks til ein stor del av hyttene i Øystre Slidre. Etter plan og bygningslova er eit anneks med alle funksjonar (bad, kjøkken og opphaldsrom) eige brukseining. Det er difor ikkje beint fram å bygge eit anneks etter lova.

Svært mange ynskjer å ha ei gjestehytte som kan nyttast når fleire generasjonar er samla på hytta, når ein har gjester, eller som eit utleieobjekt når ein ynskjer det. Dersom ein kan bygge eit slikt kompakt bygg som har alle funksjonar vil det gje betre utnytting av kvar tomt og vil opne for meir bruk av eigedomane. Det er viktig med alle funksjonar for å kunne nytte gjestehytta utan å måtte inn i hovudbygget dersom den skal kunna nyttast for seg sjølv.

Kommunedirektøren tilrår difor at innanfor ramma av utnyttingsgrad så kan gjestehytte på inntil 40 m² godkjennast. Ei gjestehytte vil ikkje reknast som eige bueining, og vil då heller ikkje medføre krav om ekstra parkeringsareal.

Tilråding:

Innspelet vert teke til følge. Følgjande tekst vert teke inn som føresegn:

I reguleringsplanar som ikkje opnar for fleire hytter på kvar tomt, kan det byggast ei hytte, ei gjestehytte (anneks) og eit uthus/garasje på kvar tomt. Gjestehytte kan vera på inntil 40 m². Gjestehytta skal underordne seg hytta, og vera vesentleg mindre i areal. Ei gjestehytte vert ikkje rekna som eige bueining, og vil difor ikkje medføre krav om ekstra parkeringsareal. Rom for varig opphald er tillate berre i hytte og gjestehytte. Alle gjestehytter må koplant til godkjent VA-løysing.

358 (24/4330) Stakkstøllie Hytteforening

BYA for heile reg.plan for Stakksøllie nord bør aukast frå 15 % til 18 %.

Vurdering:

Endring av eksisterande reguleringsplan er noko som vert gjort gjennom å fremme eit forslag om endring av reguleringsplan og ikkje gjennom arbeidet med kommuneplanens arealdel.

Tilråding:

Innspelet vert teke til orientering.

383 (24/4624) Hans Kristian Syversen

Strengje rammer for dei mange eksisterande hyttene i våre mange hytter i fjellområda er til hinder for ein stor ettermarknad, og er til frustrasjon for eigarar og gir fallande standard på hyttene og færre bruksdagar. På avstand er det truleg vanskeleg å sjå skilnad på ei hytte på 117 og ei på 70 kvm. Ettermarknaden for handverkarar ville vere stor og miljøkostnadane små då areal alt er i bruk. Forslaget til mønehøgde i føresegnene ekskluderer tradisjonell byggemåte i fjellet, og lovleg mønehøgde bør utvidast noko. No blir ein tvinga til ein utflata torvtaksarkitektur.

Vurdering:

Kommunedirektøren er einige i at forslaget til mønehøgde i føresegnene ekskluderer tradisjonell byggemåte i fjellet, og at lovleg mønehøgde bør utvidast noko. Ny mønehøgde vert sett til 4,5m. Resten av innspelet vert teke til orientering.

Tilråding:

Innspelet vert delvis teke til ved at maksimal mønehøgnd nord og aust for utbyggingsgrensa vert sett til 4,5 meter.

Utleigeplikt**388 (24/4631) Beitostølen fjellandsby As og Hytteplan AS**

Føremålet med høyringssvaret er å endre ordlyden i føresegn i kap.4.5 slik at dei blir eintydige, og fjerne utleigeplikta for planområdet Størrtjednlie A6/L6/P3 og erstatte dette med "kalde senger" der det blir lagt til rette for utleige. Gjeldande føresegner kan ved ei nasjonal innstramming av kommunal praksis få store og negative følger for sal, framdrift og økonomi og gi konfliktar mellom ulike aktørar. Dei syner til Bykle kommune som har hatt tilsvarande utfordringar, og der dei den seinare tid har lagt opp til ein modell som dei kallar "Fritidsbustadar tilrettelagd for utleige" Utleige er då frivillig, men einingane er bygd brannmessig slik at det tilfredsstillar krav til utleige.

Forslag til ny tekst pkt. 4.5 Utleigeplikt: I område med reguleringsføre mål fritidsbustadar eller kombinert føremål fritidsbustad/fritids- og turistføre mål, kan det byggast fritidsbustadar tilrettelagd for utleige.

346 (24/4270) Hege Hallset

Kommunen bør i samband med revidering av KPA opne for endring av reg.plan for Beitostølen sentrum felt1 til «kombinert føremål fritidsbustadar/friluft- og turistføre mål», slik dette er rådd til av lovgjevar for denne type fritidsleilegheiter og utleigeobjekt. Kommunen uttaler at den liberale praksisen med å handheve utleigeplikta vil halde fram, men det gjer det usikkert for framtida. I salsoppgåver for leilegheitene i Riddertunet vart det opplyst at det var fritidsbustader der utleige var tillate, men at det ikkje var nokon utleigeplikt, heilt i tråd med kommunen sin praktisering. Kommunen har derfor eit ansvar overfor dei som eig desse leilegheitene, og dette kan som nemnt løysast ved ein endring av føremålet i reguleringsplanen. Om kommunen vil oppretthalde ønsket om omfattande utleige må dette gå tydeleg fram av reguleringsføre segner og utbyggingsavtale.

Vurdering:

Kommunedirektøren viser til endringa av ordlyden om utleigeplikt i dokumentet føresegner og retningsliner som vart vedteke i kommunestyret før utlegging. Med endring i ordlyden er det kommunedirektøren si vurdering at den ordlyden høyrer meir heime i planomtalen enn i føresegner og retningsliner, og rår til at teksten vert flytta.

Ev. endring av reguleringsplanen for Beitostølen sentrum må taskt som ei endring av planen, og ikkje som del av KPA.

Tilråding:

Innspelet vert teke til orientering.

Vatn og avløp**377 (24/4546) Mattilsynet**

Mattilsynet fremmer motsegn mot planen. Mattilsynet kan ikkje ut frå saken sine dokument sjå at kommunen har tatt omsyn til drikkevatt i tilstrekkeleg grad. I regional og kommunal planlegging er det ei nasjonal forventning om å sikre drikkevasskjelder og areal til infrastruktur for vassforsyning og avløp. Grunnlaget for motsegna er for dårleg sikring av drikkevasskjeldene. Etablering av sikringssoner for overflatekjelder er ein omfattande prosess. Drikkevasskjeldene i planen dekkjer store areal, som krev lang tid, involverer fleire partar, og kanskje også innløysing av rettar. Under pkt 3.1.7.5 om spreidd bustadbygging er

det ikkje oppstilt krav som omtaler drikkevatn. Dette må dokumenterast og vasskvalitet verifiserast før det kan bli gitt løyve jf. PBL §§27-1.

I planføresegn under 1.3 Overvatn og flaumvegar, rår dei til endring av tekst til

"Infiltrasjonsanlegg for overvatn skal byggast slik at dei ikkje ureinar grunnvassbrønner for drikkevatn". Drikkevatn er omtalt under pkt 1.4, med krav om tilkopling til kommunalt VA, og der det ikkje er offentleg nett skal det i utgangspunktet nyttast fellesløysingar. Mattilsynet ønsker presisering av dette kravet:

"I område utan offentleg vatn og avløp skal det etablerast felles løysingar. Unntaksvis kan det akseptierast andre løysingar etter vurdering". I tillegg ønsker dei eit tillegg i 1.4. " Ved tiltak nær drikkevasskjelde som ikkje har omsynssone (Private enkeltvassforsyningar), skal det tidleg i planfasen avklarast om det skal vere krav om avbøtande tiltak eller plangrep for å hindre forureining av drikkevatnet."

Grunnlaget for motsegna er at dei store vasskjeldene Olevatnet, Mellseinn og Sørre Vindin har eit for svakt vern. Kart over Olevatn med nedbørsfelt syner tydeleg at ei sone på 100 meter ikkje er tilstrekkeleg. For elver og vatn som skal nyttast som drikkevatn skal det gjennomførast farekartlegging og risikovurdering jf. PLB§ 11-8 bokstav a, og etter § 1-6 første ledd og drikkevassforskrifta §§6 og 12. For å løyse motsegna må planen ha konkrete føresegn om tiltak og aktivitetar som ikkje er tillate i nedbørsfeltet, knytt til vassverket si farekartlegging. Mattilsynet kan akseptere at det blir lagd reguleringsplanar for dei ulike vasskjeldene med tilknyta planføresegner i etterkant av godkjent KPA.

Vassdrag som ikkje er vasskjelder høyrer ikkje heime under pkt. 10.1 i planføresegnene. I pkt. 10.2 om grunnvassforsyning gjeld dette Sandtangen som ikkje er i bruk. Det er vist til omsynssone som er vurdert ut frå NGU sin grunndatabase. Dette kan ikkje nyttast til å definere omsynssone for grunnvassførekomst. Områdeavgrensing og omsynssoner skal settast med grunnlag i hydrologiske undersøkingar. Mattilsynet har også merknad om at det er uheldig at det ikkje nokon stad i planen finn omtale av dyrehelse/dyrevelferd og kva verknad som arealbruk kan ha på den.

Det er og ein merknad til pkt 4.1.9 om handtering og flytting av masser der alle tilkøyrt masser skal vere naturlege og reine. Dette er uklart, og det bør leggjast inn ein formulering om krav til informasjon om status for ulike skadelege og uønska planter, kva vilkår som gjeld og kva tiltak som må settast inn for planområdet. Når det gjeld fiskevelferd må det stillast krav om vask og desinfeksjon for maskinelt utstyr som skal nyttast nær vassdrag. Det bør også inn i føresegn at Mattilsynet skal høyrast når det gjeld tiltak i vassdrag.

Vurdering:

Kommunedirektøren viser til referat frå møtet i planform. Vi er i gang med ei farekartlegging for nedslagsfelt for drikkevasskjeldene nå. Målet er at denne skal bli ferdig før 2. gongs høyring av arealplanen.

Tilråding:

Innspelet når delt gjeld faresonekartlegging vert teke til følgje.

INNSPEL PÅ ULIKE TEMA

297 (24/2636) Knut Frode Framstad

Framstad eig GBNR 25/163. Eigedomen er i utkast til ny KPA delvis omfatta av faresone høgspenningsanlegg og er ei vidareføring av gjeldande plan. Sona i gjeldande plan er truleg for brei i høve kravet som gjeld for slike soner. Framstad ber om at kommunen kvalitetssikrar dette og eventuelt reduserer sonen i samsvar med lovkravet.

Vurdering:

Det blir eit for omfattande arbeid å ettergå alle faresoner rundt høgspentanlegg, det er også noko netteigar kan endra på i eigne instruksar og vi kan ikkje kontinuerleg følgja opp det i kommuneplanens arealdel. Det blir gjort individuelle vurderingar i kvar sak.

Tilråding:

Innspelet vert ikkje teke til følgje.

329 (24/4201) Eldrerådet i Øystre Slidre

Eldrerådet saknar omtale av bygging av gang- og sykkleveg på dei strekningane langs RV 51, der dette manglar, og gjennom det bli ein viktig pådrivar og samarbeidspartnar med Fylkeskommunen. Godkjende busstopp gjennom Heggebygda er mangelvare. Det same gjeld rasteplassar og tilgang til offentlege toalett. Kryssing av vegen frå Martinsenbygget som kommunen leiger og helsetunet er svært krevjande, og bør kunne løysast betre enn i dag.

Vurdering:

Gangvegen blir tatt til følgje gjennom arbeid med kommuneplanens arealdel, utanom det er innspelet teke til orientering.

Tilråding:

Innspelet vert delvis teke til følgje.

369 (24/4394) Statsforvaltaren Innlandet

Planforslaget har nokre vesentlege manglar i konsekvensutgreiinga, som gjer det vanskeleg å ta stilling til føreslegen arealbruk.

Arealforvaltaren fremmer motsegn på:

- Mangelfull konsekvensutgreiing der arealbruken manglar drøfting av konsekvensar og moglege avbøtande tiltak
- Bruk av omsynssone H910, må vurderast opp mot nye nasjonale føringar
- Utbygging på dyrka mark
- Endring av LNFR -spreidd til bustad og fritidsbustadar utan konsekvensutgreiing
- Manglande byggeforbodssone langs vatn og vassdrag
- Manglande ROS-analyse for heile kommunen samla
- Omfanget av byggeområde på myr
- Tidlegare avsett byggeområde der det ligg føre ny kunnskap om naturmangfald.

(Luskeråsen)

Statsforvaltaren forventar at kommunen gjer ein planvask av tidlegare avsette areal for utbygging og vurderer desse opp mot nye nasjonale føringar og nytt kunnskapsgrunnlag for naturmangfald. Statsforvaltaren har elles mange kommentarar og merknadar til retningslinjer og føresegn og har ei rekke punkt der hen meiner det må gjerast endringar og presiseringar. Overordna konsekvensutgreiing er svært kort, og ikkje i samsvar med dei føreslegne endringane i planforslaget. Det er positivt at kommunen har ein VA-plan der ein prøver å legge til rette for å sjå mål og område i samheng og slik bidra til å nå mål i vassforskrifta, men statsforvaltaren saknar ei konkretisering av dette i plandokumenta. For å sikre føreseielege vilkår for utbyggjarar og sikre vassmiljøet, rår Statsforvaltaren til at kommunen er tydeleg på at auka utslepp til resipientar med redusert miljøtilstand ikkje blir akseptert.

Vurdering:

Vi viser til referat frå møtet i planforum. Innspelet tvert i stor grad teken til følgje.

Tilråding:

Innspelet tvert i stor grad teken til følgje.

370 (24/4459) Statens vegvesen

SVV har gitt uttale til plan ved oppstart og til planstrategi. Viktig at planen legg opp til å kople saman turvegar, bustadgater og mindre vegar for å få eit samla nettverk til beste for gåande og syklende. For spreidd bustadbygging må ein sørge for at det blir trygge avkøyringar og et ein så langt råd er legg opp til felles løysing for fleire eigedomar. Det føreslegne AKVAkulturområdet ved Mørstad er heilt utan infrastruktur. Vidare avklaringar for dette området må skje gjennom grundig prosess med reguleringsplan.

Vurdering:

Vi viser til referat frå møtet i planforum.

Tilråding:

Innspelet vert teke til orientering.

376 (24/4543) Gunnar Frognes

Henryvegen mellom GBNR 3/142 og GBNR 348 er regulert til tursti. I sydenden av veggen er det heilt ope for trafikk, og ordet tursti ser ut til å ha falt ut. På kart ser det ut til at Henryvegen er ein fullbreidd gjennomgangsveg. Ønske om tursti og steng Henryvegen i syd.

Vurdering:

Det er reguleringsplanen for området som styrer arealbruken. I reguleringsplanen er Henryvegen i syn sett av til tursti. Kommunen eig ikkje grunnen i området, kan ikkje stenge Henryvegen ved overgang til tursti.

Tilråding:

Innspelet vert teke til orientering.

383 (24/4624) Hans Kristian Syversen

Kva vil ein ta vare på i kommunen. Det er gjennomført separate utgreiingar som underlag for planarbeidet, men det er ikkje drøfta kva vi vi løfte fram. Det gjeld kulturminne frå nyare tid, kulturlandskap av spesiell verdi, bygningsmiljø, turmål, verdifulle landskapsrom, stiar og reksler. Dette må på plass i eige kart, der det er tatt stilling til det vi særskilt vil ta vare på med klare omsynssoner og føresegner. Planarbeidet kan gi inntrykk av at alt har vore i spel og lite er freda på "utbyggingsalteret". Kartlagde friluftsområde er ikkje systematisk innarbeidd i KPA. Det same gjeld kulturminneplanen. Han savnar også særskilte føresegner for spesielt viktige bygningsmiljø, som t.d. stølsmiljø "austa Vinsteren" m.o.t storleik og fargesetting på bygg.

I forslaget til KPA er det feil i markeringane for nye gang- og sykkelvegar. Dei er heller ikkje lagt systematisk inn i KPA. Desse er lista opp punktvis i høyringsinnspelet. Kvite område i planen er meint å avklare arealbruken der reguleringsplan framleis skal gjelde. I fleire tilfelle er nye vegar planlagt gjennom kvite område og reguleringsplanen må endrast. Bør desse områda då vera kvite?

Nerreføss VA til offentleg og privat tenesteyting bør følge elvebredda i heile lengda i samsvar med møte om planinitiativ. Potensiell grunnvasskjelde Sandtangen må markerast i kartet. Kommunen bør generelt i langt større grad stå for områderegulering med hardare prioritering av utbyggingsområde. Då kunne det vore langt færre farger på KPA kartet.

Vurdering:

Arealstrategien i samfunnsdelen av kommuneplanen set rammene for revidering av arealdelen. Vidare eg hovudlinene i arealpolitikken uttrykt tydelegare i utkastet til ny

arealplan enn det eksisterande arealplanar gjer. Kulturminneplanen er innarbeidd i arealplanen som omsynssoner rundt dei omtalte kulturminna, men tilhøyrande retningsline til områda. Den kartlegginga av friluftsområda som tidlegare er gjort i kommunen er gjort med kartverktøy som ikkje er kompatible med kartverktøyet som kommunen tidlegare brukte eller det kartverktøyet som kommunen bruker no. Vi vil gå gjennom og kvalitetssikre samferdsellinene i arealkartet og dei "kvite" områda vil bli endra i samsvar med innspelet frå Statsforvaltaren. Området for Nerreføss RA er sett av i samsvar med oppstartsmøte for den reguleringsplanen.

Tilråding:

Innspelet vert teke til orientering.

386 (24/4629) Anne Hanslien

Kartmaterialet er for dårleg. Karta har ingen verdi når ein ikkje kan sjå grenser vegar, hus og strekar i ulike farger. Forslaget må omarbeidast, og nye nasjonale retningsliner må leggst til grunn. Planrekkefølga er uheldig. Når KPA er på plass vil sti- og løypeplan og beitebruksplan vere fastlagt utan at grunneigarane har hatt innverknad. Kommunen har brote konsesjonen for uttak av vatn frå Ole. Vassføringa ved ulovleg uttak gir for lite vatn til rogn og yngel. Det må sikrast tilstrekkeleg vassføring, og føresegn om at det ikkje kan godkjennast tilkoplingar før VA-løysingane er tilfredsstillande.

Vurdering:

Innspelet inneheld ikkje forslag til endring av plankart eller føresegner og retningsliner. Tema som gjeld beitebruksplan for Hedalsstølane vil bli følgd opp i ein eigen prosess.

Tilråding:

Innspelet vert teke til førebels orientering.

396 (24/4642) Fram reinlag

Reindrifta er lite nemnd i planen. Det ligg føre ein reindriftsplan med kart. Dette bør vera ein del av kommunen sine kartlag. Reinlaget har slakteplass på Selsstølen og leiger beite heilt ned til Heimre Hedalsstølen. Utbygging i Javnlie nord vil koma i konflikt med beiteinteressene, då forskning syner at rein i liten grad nyttar beiter i 2-4 km avstand frå hyttefelt.

Vurdering:

Innspelet inneheld ikkje forslag til endring av plankart eller føresegner og retningsliner. Vi viser til vurdering av innspelet frå Javnlie hytteforeining og til vurdering av FT2 knytt til anna innspel frå tamreinlaget.

Tilråding:

Innspelet vert teke til orientering.

398 (24/4644) Erling Eriksen

Bekymringsmelding til Statsforvaltaren og oppmoding til at statsforvaltaren vurderer planarbeid under arbeid: KPA og Detaljregulering av Liahaugstølen.

Vurdering:

Innspelet inneheld ikkje forslag til endring av plankart eller føresegner og retningsliner, men meir generelle synspunkt om arealplanen som me tek til orientering.

Tilråding:

Innspelet vert teke til orientering.

399 (24/4645) Øystre Slidre Bondelag

Viktig i utarbeiding av KPA at ein nyttar tidlegare planar, t.d. Beitebruksplanen. Dette vil gje meir heilskapleg plan og breiare vurderingar i alle tiltak, og spesielt i saker som gjeld hytter, turtrasear og VA-trasear. Korridorar for beitedyr må gje dei moglegheit til å bevege seg i beiteområda som før. Midlar til beitefremmande tiltak og t.d. NO Fence løysingar finansierte av utbyggjarane. Jakt, vilt og trekkruiter er viktige område å ta omsyn til.

Vurdering:

Innspelet inneheld ikkje forslag til endring av plankart eller føresegner og retningslinjer, men meir generelle synspunkt om arealplanen som me tek til orientering. Beitebruksplanen er lagt til grunn for arbeidet med revidert arealplan.

Tilråding:

Innspelet vert teke til oriengering.

400 (24/4646) Sørre Beito sameige

Sørre Beito Sameige er positive til konsentrert utbygging i sentrum, men meiner verknadane er noko mangelfullt utgreidd. Det må bli fleire skiheisar og alpintrasear, og hotellkapasitet må aukast. Det må i arealdisponering leggast til rette for både reiseliv og landbruk og stimulere til sambruk i samarbeid med landbruksnæringa, der utbyggingsinteressene må bidra med finansiering. Stiar og løyper og anna bruk av områda er viktig for produktet som blir tilbydd, men krev store areal, der det er rimeleg at grunneigarane får økonomisk kompensasjon, t.d. gjennom oppretting av eit fond frå utbyggjarar. Planar for stiar og løyper i sentrum er for rigide, og 6 meters fleirfunksjonstrase og planfrie kryssingar vil skjemme sentrum. Sameiga er svært ueinige i at desse traseane skal vera i kommunal eige.

Vurdering:

Innspelet inneheld ikkje forslag til endring av plankart eller føresegner og retningslinjer, men meir generelle synspunkt om arealplanen som me tek til orientering.

Tilråding:

Innspelet vert teke til orientering.

404 (24/4650) Trond Lie

Konsekvensutgreiinga i KPA har vesentlege manglar. Kommunestyret stemte ned ei rekke forslag om styrking av teksten knytt til natur og klima. Utbygginga på Liahaugstølen må stoppast grunna slåttemyr og anna våtmark. I vidare arbeid med KPA må kommunen søke bistand hos nasjonale fagmyndigheiter kring bruk av sentrale faguttrykk. Det blir feil når kommunen lagar sin eigen versjon (fortetting). Det må inn ein føresetnad om å bruke tilstrekkeleg biologisk kompetanse ved alle utbyggingar og detaljreguleringar i fjellterreng. KPA-kartet er svært vanskeleg å finn ut av. KPA må sette stopp for all bygging av bustadar på eksisterande jordbruks- og beiteareal, og ikkje opne for utbygging som trugar dagens buffersone for stølsområdet aust og nord-aust for Beitostølen. Fleirbrukstrase gjennom buffersona må stoppast. Sperregjerde må fjernast som ein del av arbeidet med KPA. Liahøvda må skrinleggast. KPA må styrke lokaldemokratiet og ikkje omvendt.

Vurdering:

Innspelet inneheld ikkje forslag til endring av plankart eller føresegner og retningslinjer, men meir generelle synspunkt om arealplanen som me tek til orientering.

Tilråding:

Innspelet vert teke til orientering.

409 (24/4660) Elisabeth Eggesbø

Tidlegare planar viser at ein vil stenge Grønåsvegen to stader slik at biltrafikken skal gå Øvrevegen til Skjenhauglie. Vegproblematikken i denne del av Beitostølen må konsekvensutgreiast.

Vurdering:

Innspelet inneheld ikkje forslag til endring av plankart eller føresegner og retningslinjer, men meir generelle synspunkt om arealplanen som me tek til orientering.

Tilråding:

Innspelet vert teke til orientering.

412 (24/4663) Fjellvang Transport

Innspelet kjem frå 7 andelsigarar med felles vassinntak i Ygna. Dei er bekymra for at auka vassuttak i Mellsenn, spesielt ettervinter og i tørkesomrar, vil gje utfordringar for dei. Dei må sikrast førsteprioritet for tilstrekkeleg vatn i framtida.

Vurdering:

Dette innspelet bør vere retta mot konsesjonssøknaden til NVE når den blir lagt ut på høyring, då dette innspelet omhandlar vassuttaket på Mellsenn. Innspelet vert difor ikkje vurdert i samanheng med kommuneplanens arealdel, men teke til orientering.

Tilråding:

Innspelet vert teke til orientering.

415 (24/4667) Kollstad, Melby og Liekren sameige

Sørre delen av kommunen er lite omtala og prioritert i kommuneplanen. Med utgangspunkt i tal frå barnehage og skule er det meir enn 300 barn som har sin oppvekst sør i kommunen. Plandokumenta viser ein framtidsstrategi som hemmar initiativ når det blir opp til privatpersonar å fremme planar for utvikling sør for Heggenes. Det vesle som er av industri i kommunen ligger her. Viktige tiltak er bedra vegstandard til industrien og at bustadbygging ikkje blir hindra. Nærleiken til Fagernes med sine tilbod gjer at mang ønsker å bu i dette området. Det er da ønskeleg at det blir lagt til rette for ei meir variert bustadbygging enn i Solhaugfeltet. Det er og viktig at det blir stimulert til etablering av dagligvarehandel i nærområdet. Einsidig satsing på Heggenes og Beitostølen gir auke i transport og fastbuande i sør større utgifter. Dette kan ikkje vera i samsvar med ratifiserte berekraftsmål.

Vurdering:

Innspelet inneheld ikkje forslag til endring av plankart eller føresegner og retningslinjer, men meir generelle synspunkt om arealplanen som me tek til orientering. Kommunedirektøren delar ikkje vurderinga om at kommunen ikkje er oppteken av sørre del av kommunen. Vi har lagt til rette for utviklinga av bustadområdet Solhauglie og eit viktig bustadområde i denne delen av kommunen og med god nærleik til Fagernes. Vi har bidrege til å sikre drifta ved Valdres skifterbrot, og tilrår at dette området vert regulert i samsvar med dagens drift. Vi har teke fleire initiativ overfor fylkeskommunen for å betre standarden på fylkesvegane i området,

og vi har bedt fylkeskommunen prioritere ferdigstilling av gang- og sykkelvegen frå Rogne til Heggenes.

Tilråding:

Innspelet vert teke til orientering.

425 (24/4822) Innlandet Fylkeskommune

Fylkeskommunen fremmer motsegn til nye bygg- og anleggføremål inntil dei er godt nok utgreidd- (KBA-453 og KBA -292) og til det er utarbeidd føresegn som styrer utviklinga dit kommunen ønsker. Fylkeskommunen er opptatt av at føresegner og retningslinjer i KPA reflekterer trafikktryggleik og at planen legg til rette for gåande og syklande og kollektivtrafikk, og ei samordning av bustad-, areal- og transportplanlegging. Det er ein utfordring for desse områda at veksten skjer på Beitostølen, medan offentlege funksjonar i hovudsak er lokaliserte i kommunesenteret. Konsekvensane dette gir for kommunen må drøftast nærare. Kommunen har jobba godt for å sikre kulturmiljø og kulturlandskap, men Fylkeskommunen har fleire innspel på endringar i, og nye formuleringar, på retningslinjer og føresegn på feltet kulturarv
Gjeldande byggeforbod i eksisterande KPA mot vatn og vassdrag bør vidareførast.

Vurdering:

Vi viser til referat frå møtet i planforum.

Tilråding:

Innspelet vert teke førebels til vitande.

INNSPEL PÅ NYE /REVIDERTE BYGGEOMRÅDE/PLANTEMA

323 (24/4124) Jon-Bergmann Paulsen

Paulsen ønsker at det blir etablert skibru over RV51 ved Garli p-plass. Dette vil også vera et pluss for trafikksikkerheita.

Vurdering:

Vi har i planomtalen og føresegner og retningslinjer omtalt eit hovudløypenett for Beitostølen, men fleire planfrie kryssingar mellom skiløyper og RV 51. Forslaget inneheld ikkje planfrie kryssingar ved Garli. Det er etter kommunedirektøren si vurdering noko som ev. Må vurderast ved framtidig revidering av sti- og løypeplan og arealplan.

Tilråding:

Innspelet vert teke til orientering.

348 (24/4274) Syskena Raniseth

I kommunedelplan for Vestre Slidre ID 34530543K001 er det på gbnr 119/1 sett av eit område til fritidsbygg. Dette er no i utkast til kommuneplan endra til LNF, utan grunngeving. Innspelet er at området blir innarbeidd på ny i revidert KPA, men med ei plassering i tråd med planprogrammet til ny KPA og tidlegare historikk for arealet. Arealet er godt egna til oppføring av 3-6 hytter, i lett skrånande terreng, og er ikkje i konflikt med dyrka mark. Arealet ligg i nærleiken av Ulvhild hyttegrend med etablert vegtilkomst og private løysingar for VA. Dei ber om at området blir lagt inn som byggeområde for fritidshytter i ny KPA.

Vurdering:

Forslaget går på å lokalisere eit nytt område for fritidsbustader i tilknytning til Ulvhild Hyttegrend, som alternativ til eit område i kommunedelplanen for Skjel.

Dette vil gje ein ekstra stikkveg frå hyttefeltet og inn i kommunen, og er etter kommunedirektøren si vurdering gjev dårleg arealutnytting. Området har etter det vi kjenner til heller ikkje felles VA-løysing, noko vil ønskjer i nye hytteområde. Området er i dag urørt.

Garden låg tidlegare i Vestre Slidre kommune, men vart ein del av Øystre Slidre kommune i samband med grensejusteringa mellom kommunane. Forslagsstillar viser til politisk prosess i Vestre Slidre. Det har ikkje vore framdrift i planprosessen sidan vedtaket i Vestre Slidre kommunestyre 26.04.2016. Vi har ikkje god kjennskap til området og eventuelle konsekvensar av ei utbygging og det er ikkje laga noko konsekvensutgreiing knytt til forslaget. Kommunen har tilstrekkeleg med arealreservar for utbygging av fritidsbustader, og kommunedirektøren rår til at forslaget ikkje vert teken inn i planen.

Tilråding:

Innspelet vert ikkje teke til følgje.


374 (24/4533) Norske Fjellhytter

Norske fjellhytter fremmer eit revidert forslag til utbyggingsområde for fritidsbygg ved Garli. Forslaget rommar opp til 10 hytter. Alle er plassert ned for utbyggingsgrensa som ligger i utkast til KPA. Utbygginga vil i stor grad kunne nytte seg av eksisterande infrastruktur, og det er ikkje myr der utbygginga blir planlagt. Om området let seg regulere som omsøkt, signaliserer utbyggjar at det vil signere ei utbyggingsavtale i tråd med dei føringane kommunen no har for slike avtalar. Det er lagt ved planskildring og kart.

Vurdering:

Kommunedirektøren har tidlegare vurdert eit areal på om lag 16,5 dekar på Nørre Garli som eigna til byggeområde. Området er ikkje lagt inn i utkast til ny arealplan, men formannskapet har bedt kommunedirektøren gjere ei ny vurdering av dette.

Etter ei nærmare vurdering av området tilrår kommunedirektøren å ta inn dette området i arealplanen, men gjere ei lita reduksjon av arealet på bakgrunn av myr som er registrert i området. Tilrådd areal til fritidsføremål er på dekar:



Dette vil vera ei vidareutvikling av eit eksisterande hytteområde. Formannskapet har ved handsaming av drøftingsnotata til KPA og handsaming av innkomne innspel teke ut store utbyggingsområde ved Gravfjellet og nord og aust for utbyggingsgrensa på Beitostølen. På Beitostølen skal det leggast til rette for vidare utbygging av fritidseigedomar. Nørre Garli ligg «innafor» utbyggingsgrensa og er etter kommunedirektøren si vurdering eigna for fortetting.

Området sett av til fritidsbustadar er ikkje råka av myr. Det vil ikkje bli opna for ytterlegare utviding av fritidsbustader vidare oppover mot friluftsområdet i framtida. Formannskapet ynskjer at området primært skal nyttast som utfartsområde/aktivitetsområde.

Kommunedirektøren er samd i denne vurderinga. Nørre Garli er og vil vera eit svært viktig område for utfart/aktivitet, og må sikrast for dette føremålet. Det er etter kommunedirektøren si vurdering området nord for området merka i kartet over, dvs. området som har direkte tilknytning til parkeringsområdet på Garli, som er viktigast å sikra for utfart og aktivitet

Tilråding:

Kommunedirektøren tilråd at delar av området vert teke inn som fritidsbebyggelse – framtidig i plankartet og at resten av området vert teke inn som friområde for utfart og aktivitet.

383 (24/4624) Hans Kristian Syversen

Idrettsanlegg Storefoss og rasteplass ved rv 51. Markering av lysløype ved Storefoss som eit idrettsanlegg med utvidingspotensial fram til oset i Heggefjorden må inn i KPA. Det same gjeld rasteplassen som eit trafikkanlegg på begge sider av oset, der det ligg til rette for ei bru. Storefossen er eit mektig skue, tidlegare campingplass og offentleg tilgjengeleg. Noverande industriaktivitet har privatisert området og ein prosess som snevar inn industriarealet bør settast i verk for å markere dette som eit friområde, og elles legge til rette som ein attraksjon.

Vurdering:

Innspelet inneheld ikkje forslag til endring av plankart eller føresegner og retningslinjer, men meir generelle synspunkt om arealplanen som me tek til orientering.

Tilråding:

Innspelet vert teke til orientering.

391 (24/4634) Tinde Utvikling AS

Innspelet til KPA om utbyggingsområde på eigedomen 2/13 er ikkje tatt inn i forslag til KPA. Dette er frå kommunen grunngjeve med ny satellitt og manglande VA. Innspelet må vurderast på nytt, då denne teigen ligg nær Tåbakke hyttefelt i nord og Lykkjetjednet i aust og slik blir ei naturleg utvikling av eksisterande hytteområde og ikkje ein ny satellitt. VA er ført fram til Lykkjetjednet og ei utbygging på teigen 2/13 kan gjennom utbyggingsavtale bidra til opprydding av VA for Tåbakke og eksisterande fritidsbygg.

Vurdering:

Vi viser til vurderinga som vart gjort å av innspela som kom ved oppstart av planarbeidet, og har ikkje gjort nye vurderingar av området.

Tilråding:

Innspelet vert teke til orientering.

397 (24/4643) Tinde Utvikling AS

Det vart fremma forslag til utbyggingsområde i Javnin GBNR 17/1. I svarbrev frå kommunen er det gitt uttrykk for at berre delar av innspelet samsvarar med kriteria i planprogrammet, og at innspelet blir avvist. Innspel nr 2 og den delen som alt ligg inne vart tilrådd vidare. Innspelet vart så revidert frå Tinde Utvikling (Kartvedlegg), og sendt kommunen 29/4-2022. I seinare sakshandsaming i kommunen har ein lagt til grunn opphavleg innspel og ikkje revidert forslag, og dei ber om at revidert forslag av 29/4-2022 blir vurdert. Det ligg ved innspelet vurderingar knytt til dei fleste relevante område som skal vurderast i planarbeid.

Vurdering:

Vi viser til vurderinga som vart gjort å av innspelet som kom ved oppstart av planarbeidet, til revidert innspel dagsett 29/4-2022 og til vurderinga av innspelet frå Javnlie hytteforening i dette dokumentet.

Tilråding:

Innspelet vert teke til orientering.

402 (24/4648) Ivar Rogne

Innspelet går på eit revidert område for utbygging ved Huldretjednet. Innspelet må sjåast som ein del av framtidig utvikling på Midthøgde. Kommuneplanen knytt til områda Luskeråsen. Midthøgde Rennsenn/Vangsjøen rundt Rennsenvatnet og Røyre mot Vangsjøen er i stor grad kuperte, bratte og forseinkingar med tjern og myr. Kommuneplanen kan gi et feilaktig og for høgt bilde av reelt utbyggingspotensial. VA i området er krevjande og det er viktig at det blir lagt til rette for område eigna for utbygging, der grunneigarane syner vilje til å bidra til finansiering.

I revidert forslag er det vist til 5 mindre områder, vist i kart. Det er elles vist til vurderingar av naturgrunnlag, kulturminne, jordbotntilhøve, overvatn, flaum og skredfare, og føringar for å ta omsyn til dette. Det er også vist til at området har liten verdi til landbruksføremaal.

Utbyggingsarealet er betydeleg redusert i dette innspelet, og det er tatt omsyn til relevante utfordringar. Det er ønske om at desse 5 områda blir tatt inn i planen.

Vurdering:

Vi viser til vurderinga som vart gjort å av innspela som kom ved oppstart av planarbeidet, og har ikkje gjort nye vurderingar av området.

Tilråding:

Innspelet vert teke til orientering.

405 (24/4651) Storefoss Sag og Beitostølen Sportell

Storefoss Sag AS og Heggens Sportell AS arbeider med detaljregulering av Luskeråsen vest med bakgrunn i gjeldande kommuneplan. Det vil bli lagt opp til tun-løysingar og høg utnyttingsgrad. Gjennom arbeidet er det avdekka behov for mindre justeringar i kommuneplanforslaget, som også vil kompensere for arealreduksjonen som ligg inne for HL57 og HL 186. Det gjeld 3 mindre område identifisert som A,B,C. (kart), som dei ber om blir tatt inn i KPA. Grunngeving og omtale av byggeområda vil gå fram av forslaget til reguleringsplan.

Vurdering:

Det er starta opp ein reguleringsplanprosess for dette området, og dei tema som vart teke opp i innspelet vert vurdert som ein del av reguleringsplanprosessen.

Tilråding:

Innspelet vert teke til orientering.

406 (24/4655) Tinde utvikling AS

Tinde utvikling fremmer for grunneigarane forslag om utbyggingsområde for eigedomane 3/7, 3/10 og 3/18 sør-aust for Beitotjednet.(Beitotjednlie) Dette er eit revidert innspel der arealet er redusert frå 208 da i opphavleg innspel til 157. I revidert innspel er det lagt vekt på å halde bygg under fjellgrensa og sette av rikeleg areal til grønstruktur for ferdsel og for å ta vare på naturverdiane. Dei vurderer innspelet som ein naturleg utviding ev eksisterande

byggeområde i Markahøvda og Garli, men og saman med planlagd utbygging i Størrtjednlie. Det er lagt ved kart som syner korleis dei tenker at vegar og grøntområde skal ligge. Dei har i innspelet vurdert naturverdiar, kulturminne, jordtilhøve, overvatn og flaum, skredfare mv, og meiner at området er godt egna til utbyggingsføremål. Verdiane for landbruk/skogbruk blir vurdert som små. Området ligg i tilknytning til Størrtjednlie og vil enkelt kunne nytte seg av overordna infrastruktur.

Vurdering:

Vi viser til vurderinga som vart gjort å av innspela som kom ved oppstart av planarbeidet, og har ikkje gjort nye vurderingar av området.

Tilråding:

Innspelet vert teke til orientering.

426 (24/4858) Garlivegen Hytteforening v Iver Andresen

Kommentar til innspel frå Norske Fjellhytter om å ta delar av GBNR 3/469 inn i planen. Han viser til at området fleire gonger er avvist grunna naturområde for orrfugl og rype, myrlende og negativ påverknad av hytter på omgjevnadane. Det blir også vist til høyring frå Statsforvaltaren av 26.04.24, der det er fleire og sterke synspunkt som går mot utbygging. Dette er heller ikkje fortetting. Det er ei utviding av hyttefelt i Garlivegen, feilaktig omtalt av administrasjonen. Forslaget frå Beito Eiendom må avvisast.

Vurdering:

Vi viser til vurdering av innspelet frå Norske Fjellhytte om Gardli nord.

Tilråding:

Innspelet vert teke til orientering.